

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

20. årgang

Nr. 2 • 2015

wytt

*God
jul!*



Ordføraren har ordet

Kommunestyreperioden 2011 – 2015 er no over. Me har hatt val og det nye kommunestyret er så vidt komne i gang. Ved dette kommunevalet var det åtte parti som stilte liste i Luster, noko som gav god variasjon av listekandidatar, alder, kjønn og geografi. I tillegg kunne veljarane lese seg gjennom åtte partiprogram. Også i år hadde me i Luster val for 16- og 17-åringar, og 68,4% brukte stemmeretten sin. Luster vart såleis nest beste kommune blant forsøkskommunane.

Luster utmerka seg i år med svært god valdeltaking totalt, best i fylket med 73%. Kanskje var den gode variasjonen i partilister, og at ungdomane får sleppe til, ein av grunnane til den gode valdeltakinga. Eg vonar i vertfall at røysterett for 16-åringar ved kommuneval vert innført som varig ordning.

Takk

Eg vil få takke for det flotte valresultatet og oppslutnaden eg sjølv fekk. Og eg må nok her vedgå at eg vart både skjelven og mållaus når tala vart lesne opp, men sjølvsagt også veldig glad og audmjuk for den tilliten som vart gjeve. Eg ynskjer å halde fram det gode samarbeidet me har hatt i kommunestyret også denne perioden, på tvers av alle parti. Godt samarbeidsklima, passeleg takhøgde og gjensidig respekt for kvarandre er viktige faktorar for at folk skal trivast med politisk arbeid. Då får me dei beste politiske vedtaka for kommunen vår. Mange vil nok seie at å vere kommunepolitikar i Luster må vere ein lett jobb. Ja, det er heilt sikkert kommunar i dette landet som har vesentleg tøffare utfordingar enn oss. Luster er godt «rigga» på dei fleste område, og leverer kommunale tenester med god kvalitet. Kommuneøkonomien vår er også relativ god, men me ser no ei innstramming i overføringane frå staten. I tillegg har me ei betydeleg svikt i kraftinntektene, kraftinntekter som me delvis har brukt inn i drifta av kommunen. Kommuneøkonomi, og spesielt balanse mellom utgifter og inntekter slik at me ikkje held fram med å tappe oppsparte reservar, vil vere ei av dei viktigaste og tyngste sakene til det nye kommunestyret.

Flykningekrisa

Dette året har verdssamfunnet vore augevitne til ei av historias største flyktningekatastrofar. Jan Egeland hevdar at me ikkje ha sett så store folke Mengder på flukt sidan delinga av India i 1949. Truleg ein stad mellom 10 og 12 millionar menneske er drivne vekk frå heimane sine. Enorme landområde er bomba i grus og har skapt ufattelege lidingar. Dette er ei av dei verste humanitære



Ordføraren takkar for tilliten.

katastrofane på mange tiår. I november var eg på møte med tidlegare ordførar i Sør-Varanger, Cesilie Hansen. Ho fortalte at kommunen med ca 10000 innbyggjarar har teke imot over 3000 flyktningar, og det kjem mellom 100 og 200 nye kvar dag. Heile det kommunale apparatet arbeider for fullt 24 timer i døgnet.

Alle kommunar i Noreg vil verta utfordra på å bidra til løyse flyktningekrisa, truleg i enno større grad enn me har sett til no. Staten har bede Luster ta imot 25 flyktningar, men dette talet kan stige. Me arbeider no med å finne hus og å lage eit godt opplegg kring dette.

Det er veldig flott å registrere alle personar, lag og organisasjonar som har teke kontakt med kommunen med ynskje om å bidra; både med kle og anna utstyr, hjelp til praktiske ting og husvære. Det er ei glede å sjå all hjertevarmen for folk i naud. Spesielt viktig er det å syne god omsorg og omtanke for alle borna og ungdomane som kjem frå eit krigsherja land.

Nok ein gong kan ein gjere seg tankar om kor utruleg heldige me er som bur i denne trygge delen av verda!

God jul alle!

Ivar Kvalen - ordførar

Rådmannen har ordet

Samhandlingsreforma i Luster

Samhandlingsreforma er vorte eit sentralt omgrep innan helse og omsorg. I denne samanheng stammar omgrepet frå ei stortingsmelding i 2009 som hadde namnet; «Rett behandling – Rett sted – Rett tid.»

Der vart det peika på manglande samhandling, fragmenterte tønester og alt for lite innsats for å avgrensa og førebyggja sjukdom. For å børta på dette så vart det vedteke ei rekke tiltak der dei viktigaste for kommunane var;

- auka satsing på folkehelse,
- kommunal medfinansiering av sjukehusopphald,
- plikt for kommunane til å ta mot utskrivingsklare pasientar,
- øyeblikkeleg-hjelp-senger i kommunane.

I Luster kommune har det vore aktivt arbeid med desse tiltaka. Like frå arbeidet med ny helse- og omsorgsplan som vart vedteken hausten 2009 har samhandlingsreforma hatt stort fokus.

Eit sentralt poeng i reforma er at kommunane skal avlasta spesialisthelsetenesta. I alle fall tre viktige tiltak skulle medverka til det. Når pasientar er ferdigbehandla på sjukehus, skal kommunane vere klar til å ta mot dei og gi god oppfølging. Kommunane skulle og vere med å betale for sjukehusopphald, eit tiltak som ev skulle vere med å hindre unødvendige sjukehusopphald. Reforma skulle og motivere kommunane til å behandle og følgje opp pasientar sjølv med sokalla øyeblikkeleg-hjelp-senger/tilbod.

Korttidsavdeling med KAD-senger

I Luster har me fått til godt tilbod der korttidsavdelinga (KA) ved Gaupne omsorgssenter er sentralt, og der helsetenesta med lege og pleie- og omsorgstenesta har gjort og gjer ein god jobb. På korttidsavdelinga finn me og øyeblikkeleg-hjelp-sengene som no har fått nemninga KAD-senger og som me får tilskot til å drifte. Desse kan gjerne kallast eit mellomnivå mellom kommunehelse/sjukeheim og spesialisthelsetenesta/sjukehus.

Via KA og desse sengene får mange hjelp, nokon slepp å reise til sjukehus, andre får eit kortare sjukehusopphald.

Ordninga med å betale for sjukehusopphald er rett nok teken vekk, men målet om å gi behandling på lågaste nivå, eit nivå som skal vere fullt ut fagleg forsvarleg, står ved lag.

I Luster er me offensive på dette område, og har valt eigne KAD-senger. I mange kommunar løysar dei dette interkommunalt, men i Luster vart vurderinga eiga løysing mellom anna for å redusere reisebelastninga som ville bli i ei interkommunal løysing i Lærdal.

Det har so langt vore mest fokus på somatiske sjukdommar innan reforma, men det er no vedteke at reforma skal utvidast med fleire oppgåver til kommunane innan rus og psykiatri.

Betre folkehelse – førebyggje sjukdom

Like viktig som avlasting av sp-



esialisthelsetenesta og god lokal behandling er tiltaka omkring å førebyggje sjukdom, auka satsing på folkehelse.

Luster har fylgt opp dette på ein god måte med konkrete tiltak og har dei siste åra auka satsinga på folkehelse. Sogn frisklivs- og meistringssenter, felles tiltak med Sogndal og Leikanger, tek tak i livsstilssjukdommar som därleg kosthold, overvekt, manglande fysisk aktivitet m.m. I skulen og andre stadar skal me ha auka fokus på fysisk aktivitet. Me har tiltak med tilrettelegging/merking av stiar, turkart, kosthald, førebygging av ulukker/ trafiktrygging og godkjenningsarbeid av Luster kommune som trygt lokalsamfunn.

«Bestillinga» frå staten er likevel

Mange lærlingar i Luster



Lærlingane og instruktørar var inviterte til felles informasjonssamling på rådhuset i september. Ordførar og personalavdelinga informerte om kommunen. Maren Beddari Ørbeck fortalte om sitt lærlingeløp som helsefagarbeidar i Luster og om seks veker ho hadde som lærling i utlandet.

Luster kommune er ei godkjend lærebedrift og satsar no mykje på å gje ungdom utdanning gjennom lærlingeordninga. Alle kommunar har eit samfunnsansvar, og er oppmoda om å ta inn ein lærling per 1000 innbyggjar. Det vil seie at Luster etter rett skal ha fem lærlingar. No har Luster 11 lærlingar, sju nye og fire frå i fjar. Kommunen har behov for fleire fagarbeidrar. Lærlingesatsinga er ein vinn-vinn situasjon: Ungdom får utdanning og kommunen kan rekruttere fagarbeidrar. Me håpar alle får ei flott læretid i kommunen.



På samlinga var desse lærlingane: F.v. Maren Beddari Ørbeck (helsefagarbeidar har teke fagbrev), Andrea Berget (barne- og ungdomsarbeidarfaget), Kaja Elisabeth Sætherbø (helsefagarbeidar), Bent Ole Bolstad (omsorgsarbeidarfaget), Eirik Glendrange (IKT), Mai Grete Brugrand (helsefagarbeidar), Feven Debesay (helsefagarbeidar), Sunniva Oppedal (barne- og ungdomsarbeidarfaget), Linn Therese Skagen (barne- og ungdomsarbeidarfaget), Nina Lid (barne- og ungdomsarbeidarfaget) og Ingrid Haukadål (kontor og administrasjonsfaget). Ikkje til stades: Varand Rebni Kjer (IKT). Foto: Sogn Avis.

at på dette området skal kommunane satsa meir.

I Luster er me budd på å auka innsatsen innan område førebyggjande folkehelsearbeid.

I budsjettet for 2014 og 2015 er førebyggjande folkehelsearbeid sett opp som satsingsområde. No i 2015 er det gjennomført eit viktig prosjektarbeid med ei samla vurdering av førebyggjande folkehelsearbeid i kommunen. Prosjektleiar har vore Jostein Melheim og prosjektrapporten vert no drøfta vidare for å ta stilling til vidare arbeid.

Yrkesskulebygget vert Friskhuset?

Det vert i rapporten tilrådd at det gamle Yrkesskulebygget i Gaupne vert renovert og kalla Friskhuset. Rapporten har i seg ei planløysing/romprogram som syner korleis dei ulike tilboda kan innplasserast. I prosjek-

trapporten vert det lagt opp til følgjande innhald i *Friskhuset*:

- Kommunalt dagsenter/dagtilbod for eldre.
- Møteplass for frivillige lag og organisasjoner.
- Treningssenter.
- Sogn Frisklivs- og Meistringssenter.
- Luster Frivilligsentral.
- Kommunale aktivitets- og helsetilbod.
- Kontorplassar.

Den førebels vurderinga er at dette er gode tankar, og ei realisering av dette kan gje kommunen eit kraftsenter i høve førebyggjande folkehelsearbeid og vil løyse fleire viktige oppgåver, som t.d. eit dagsentertilbod.

Det vil også vere ei god oppfølging av samhandlingsreforma og andre nasjonale føringer – ikkje minst eit utvida og betra samar-

beid med og mellom frivillige lag og organisasjoner.

Arbeidet er no vidareført i budsjettprosessen og det vert prioritert med vidare planlegging og avklaring i første halvår 2016. Sjølv igangsetjingsvedtaket vil så bli gjort av kommunestyret før sommarferien dersom det syner seg at det ligg til rette for å realisera prosjektet.

Jarle Skartun
Jarle Skartun
rådmann

Personalnytt

Fagleiar i flyktningtenesta

Evelyn Bukve Gunnestad byrja i august i prosjektstilling som fagleiar i flyktningtenesta i Luster kommune. Ho er busett i Gaupne med mann og tre barn.

Evelyn fortel at oppstarten i ny jobb har vore lærerik, hektisk og svært spennande!

- Eg har jobba ved NAV Luster sidan 2008, og sette stor pris på å få prøve meg på nye utfordringar. I jobben blir eg kjent med mange flotte menneske frå ulike land, og ser det som gjevande å få vere ein støttespelar på vegen til integrering, utdanning og arbeid, seier ho.



Ny byggesakshandsamar

Haakon Stauri Begby starta som byggesakshandsamar i kommunen 17. august 2015. Han er utdanna jurist frå universitetet i Bergen. Han har tidlegare vore tilsett i eit årsvikariat som byggesakshandsamar i Eid

kommune. Haakon pendlar frå Sogndal der han bur med sambuar Åse-Marit.

Trygve Engesæter, tidlegare byggesakshandsamar, har gått av med pensjon.



Heider til kommunalt tilsette



Den 11. desember 2014 var det samling på Gaupnetunet hotell med markering av tilsette med 25 års fartstid i Luster kommune. Heile 47 medarbeidarar hadde nådd den milepålen. Oppgåveendring ved at kommunane overtok sjukeheimane i 1988-89 var hovudgrunn til det store talet dette året. Ordførar og rådmann heidra jubilantane med middag, helsingar og ei gåve: Bilete måla av Signe Fortun eller Arvid Elvekrok. Det var eit fint arrangement med god stemning og god ”drøs” dei timane markeringa varde.

Medarbeidarar som hadde nådd 25 års fartstid:

Bibliotek: Torill S. Ytri Otterbjell. Gaupne barnehage: Kirsten Snøtun Tuften og Sissel Britt Walaker. Hafslo barne- og ungdomsskule: Oddny Karin Ahlin og Helge Harkjerr. Hafslo barnehage: Anne Sandøy. Helsecenteret: Berit Melheim Kjos. Indre Hafslo oppvekstsenter: Ruth Aud Teigen Nyland.

Jostedal oppvekstsenter: Oddbjørg Ese. Luster heimeteneste: Berit Kvamme, Elene Beheim, Elbjørg Buskaker, Sissel Irene Langeteig, Jorunn Skjerven, Liv Torheim Øvrebo og Anne Lise Aasen.

Luster sjukeheimsteneste: Øydis Karin Alme, Inger Ekrone, Signy Listou Feigum, Sigrun Fortun, Inger Karin Fossøy, Anitha Elin Fossøy, Kari Synnøve Skjolden Fortun, Jo Ketil Hamrum, Sissel Laila Hatlevoll, Sigrun Hauge, Søvrina Hauge, Inger Johanne Heltnæ, Ruth Berit Heltne, Gunnhild Johnsen, Kirsten Kvam, Elbjørg Midtun, Marit Johanne Nyhus, Barbro Nyhus, Alice Solvoll Skare, Jofrid Skildheim, Astrid Eraker Storli, Bjørg Reidun Talle, Svanhild Bjørk Teigen, Aud Thomassen, Bjørg Nundal Stegegjerdet. Luster ungdomsskule: Einar Ese og Marit Fuhr. PPT: Olfert Øvrebo. Teknisk Drift: Ole Magne Leirdal, Alfred Andersen og Anders Steinar Molland.



Stor interesse for val i Luster Høg valdeltaking

Medan trenden i landet er at valdeltakinga går ned ved kommunestyrevalet, viser lustringane framleis eit stort engasjement og brukar stemmeretten sin. 73,4% av alle manntalsførde lustringar brukte stemmeretten sin ved kommunestyrevalet i haust. Det er omlag som ved valet i 2011 då 73,3% stemte.

Best i det beste fylket

I Sogn og Fjordane var oppmøtet på 65,3%, og i landet totalt 59,9%.

Ungdomane i Luster var nest beste kommune

16- og 17 åringane i 20 kommunar var med på forsøk med

stemmerett til kommunestyrevælet. Lustraungdomen var også med ved valet i 2011, då med heile 82,2% valdeltaking. No i

2015 møtte 68,4% av dei unge lustringane fram og stemte på kommunevalet. I dei 20 prøvekommunane var valdeltakinga i



Frå vallokalet på Indre Hafslo.



Formannskapet på fremste benk. Frå venstre: Geir Arve Sandvik (H), Elin Hauge (AP), Arne Johannessen (AP), ordførar Ivar Kvalen (SP), varaordførar Marit Aakre Tennø (SP), Geir Paulsen (SP), Marianne Bugge (SP).

Andre rekke frå venstre: Rådmann Jarle Skartun, Kjell Sindre Schmidt (SP), Kjersti Eikum Tang (SP), Stine Sandvik (H), Anja Irene Hilleren (SP), Emma Nyløy (SP), Gunn Beate Thorsnes Lefdal (AP), Anette Stegegjerdet Norberg (AP), Karita Nes (AP), Oddmund Løkensgard Hoel (SP), politisk sekretariat Anita Bjørk Ruud.

Tredje rekke frå venstre: Odd Atle Stegegjerdet (AP), Per Steinar Ssviggum (SP), Kjetil Hovland (SP), Jon Ove Lomheim (V), Ernst Veum (Frp), Morten Johan Vigdal (AP), Knut Stokkenes (SP), Torodd Urnes (Krf), Knut Hauge (SP).

Kommunestyret 2015 – 2019

Senterpartiet:

Ivar Kvalen
Geir Paulsen
Marit Aakre Tennø
Knut Hauge
Per Steinar Ssviggum
Kjetil Hovland
Emma Nyløy
Kjersti Eikum Tang
Oddmund Løkensgard Hoel
Kjell Sindre Schmidt
Marianne Bugge
Anja Irene Hilleren
Knut Stokkenes

Morten Johan Vigdal
Anette Stegegjerdet Norberg
Karita Nes
Gunn Beate Thorsnes Lefdal
Odd Atle Stegegjerdet

Høgre:

Geir Arve Sandvik
Stine Sandvik

Framstegspartiet:

Ernst Veum

Kristeleg Folkeparti:

Torodd Urnes

Arbeiderpartiet:

Arne Johannessen
Elin Hauge

Venstre:

Jon Ove Lomheim

Ordførar og varaordførar

Ivar Kvalen frå Senterpartiet har vore Luster kommune sin ordførar sidan 20. oktober 2011. Kommunestyret valde han samrøystes til ordførar for ein ny fireårsperiode, 2015 – 19.

Marit Aakre Tennø, også ho frå Senterpartiet, vart samrøystes vald til varaordførar for same perioden.



gjennomsnitt på 57%. Beste kommune var Austevoll med 77% og dårligaste var Kristiansund med 37%.

Takk til alle som er i sving i valgjennomføringa

Luster kommune har eit stabilt og godt apparat som gjennomfører valet. Me har 10 vallokale i kommunen med dyktige medlemar i røystestyra. Alle stemmene blir talt opp på rådhuset på valkvelden.

Takk til alle for ein god jobb for demokratiet vårt!

Formannskapet 2015 – 2019. F.v. Geir Paulsen, Marianne Bugge, Geir Arve Sandvik, Marit Aakre Tennø, Ivar Kvalen, Elin Hauge og Arne Johannessen.



Formannskapet 2015-19

På det konstituerende møtet i kommunestyret den 22. oktober vart formannskapet valde.

Sp og Venstre hadde felles liste. AP hadde eiga liste. H, Krf og Frp hadde felles liste.

Medlemer:

Ivar Kvalen, Sp
Marit Aakre Tennø, Sp
Marianne Bugge, Sp

Geir Paulsen, Sp
Arne Johannessen, Ap
Elin Hauge, Ap
Geir Arve Sandvik, H

8. Emma Nyløy, Sp
9. Knut Stokkenes, Sp

Varamedlemer AP:

1. Morten Johan Vigdal
2. Odd Atle Stegegjerdet
3. Karita Nes
4. Anette Stegegjerdet Norberg

Varamedlemer H, Krf og Frp:

1. Torodd Urnes, Krf
2. Ernst Veum, Frp
3. Stine Sandvik, H

Plan og forvaltningsstyret 2015-19

På same vis som formannskapet vart valde, valde kommunestyret også plan- og forvaltningsstyre. Sp og Venstre hadde felles liste. AP hadde eiga liste. H, Krf og Frp hadde felles liste.

Medlemer:

Knut Hauge, Sp
Per Steinar Svingum, Sp
Anja Iren Hilleren, Sp
Emma Nyløy, Sp
Anette Stegegjerdet Norberg, Ap
Morten Johan Vigdal, Ap
Arne J Hauge, Frp

Leiar: Knut Hauge, Sp

Nestleiar: Anette Stegegjerdet Norberg, Ap

2. Steinar Bruheim, V
3. Ann Kristin Sperle, Sp
4. Eivind Steig, Sp
5. Grete Kristin Leirdal, Sp
6. Kjersti Eikum Tang, Sp
7. Knut Stokkenes, Sp
8. Johannes Hauge (Skjolden), Sp
9. Hilde Kristin Øvreås, Sp
10. Steinar Schanke, Sp

Varamedlemer AP:

1. Odd Atle Stegegjerdet
2. Gunn Beate Thorsnes Lefdal
3. Elin Hauge
4. Tor Bremer

Varamedlemer H, Krf og Frp:

1. Ingar Norberg, H
2. Oddny Urnes, Krf
3. Ernst Veum, Frp

Varamedlemer Sp og V:

1. Kjetil Hovland, Sp

Fairtrade

Målet med Fairtrade er å få flest mogleg nordmenn til å kjøpe Fairtrade-merka varer, og på denne måten verdsetje og sette fokus på at dei som dyrkar produkta me brukar i kvardagen har rett til gode arbeidsforhold og rett til pausar i sin arbeidskvardag.



Framleis nedgang i folketale

I andre kvartal 2015 er det ein nedgang på 2 personar. Det er fødde 13, 15 er døde, 48 har flytta inn og 48 har flytta ut av kommunen. I tredje kvartal er nedgangen større. Då er det 16 fødde, 12 døde, 40 har flytta inn og 68 har flytta ut.

Folketal	pr. 01/01-98:	5095
Folketal	pr. 01/01-99:	5035
Folketal	pr. 01/01-00:	5003
Folketal	pr. 01/01-01:	4954
Folketal	pr. 01/01-02:	4968
Folketal	pr. 01/01-03:	4924
Folketal	pr. 01/01-04:	4926
Folketal	pr. 01/01-05:	4927
Folketal	pr. 01/01-06:	4889
Folketal	pr. 01/01-07:	4884
Folketal	pr. 01/01-08:	4870
Folketal	pr. 01/01-09:	4879
Folketal	pr. 01/01-10:	4945
Folketal	pr. 01/01-11:	5023
Folketal	pr. 01/01-12:	5026
Folketal	pr. 01/01-13:	5041
Folketal	pr. 01/04-13:	5049
Folketal	pr. 01/10-13:	5114
Folketal	pr. 01/01-14:	5089
Folketal	pr. 01/04-14:	5076
Folketal	pr. 01/07-14:	5079
Folketal	pr. 01/10-14:	5105
Folketal	pr. 01/01-15:	5118
Folketal	pr. 01/04-15:	5097
Folketal	pr. 01/07-15:	5095
Folketal	pr. 01/10-15:	5071

Endringar i 2015 :

Fødde: ..	42
Døde: ..	39
Innflytte:..	120
Utflytte:..	170

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvarstalsvis befolkningsstatistikk.

NB! Talmaterialet for endringar siste kvartal er førebelse tal.

SKULERUTE for elevar i grunnskulen 2015 – 2016


<i>Månad:</i>		<i>Tal skuledagar:</i>
AUGUST	Første skuledag: måndag 17. august	11 dagar
SEPTEMBER		22 dagar
OKTOBER	Haustferie måndag 5. til fredag 9. oktober (v. 41)	17 dagar
NOVEMBER		21 dagar
DESEMBER	Siste skuledag før jul: tysdag 22. desember	16 dagar
JANUAR	Første skuledag: tysdag 5. januar	19 dagar
FEBRUAR	Vinterferie: 15. februar – 19. februar (v. 7)	16 dagar
MARS	Siste skuledag før påske er fredag 18. mars Første skuledag etter påske: tysdag 29. mars	17 dagar
APRIL		20 dagar
	Elevfri dag fredag 8. april (Sogn og Fjordane lærarstemne)	
MAI	Elevfri dag: fredag 6. mai	18 dagar
JUNI	Siste skuledag : fredag 17. juni	13 dagar
		Sum: 190 dagar

Skule- og barnehageutvalet i Sogn og Fjordane:

SAMORDNA FRAMLEGG TIL SKULERUTE 2016-2017

for elevane i Sogn og Fjordane

<i>Månad:</i>		<i>Tal skuledagar:</i>
AUGUST	Første skuledag: måndag 15. august	13 dagar
SEPTEMBER		22 dagar
OKTOBER	Haustferie måndag 10. til fredag 14. oktober(v. 41)	16 dagar
NOVEMBER		22 dagar
DESEMBER	Siste skuledag før jul: onsdag 21. desember	15 dagar
JANUAR	Første skuledag: Tysdag 3. januar	21 dagar
FEBRUAR	Vinterferie: 20. februar – 24. februar (v.8)	15 dagar
MARS		23 dagar
APRIL	Siste skuledag før påske er fredag 7. april Første skuledag etter påske: tysdag 18. april Elevfri dag 28. april, lærarstemne	13 dagar
MAI	Elevfrie dagar: 26. mai	19 dagar
JUNI	Siste skuledag : fredag 16. juni	11 dagar
		Sum: 190 dagar



Stor takk til dei tilsette ved PPT Luster. F.v.: Olfert Øvrebø, Ellen Aarskog Melheim, Kari Alme og Bodil Skjerven Brennesvik.

PPT Luster vert PPT Sogn

Med bakgrunn i kommunestyrevedtak frå 18. juni 2015 går Luster kommune inn i ei felles pedagogisk-psykologisk teneste saman med Sogndal, Leikanger og Vik frå 1. januar 2016. Aurland kjem med i denne fellestestenesta frå og med 1. august 2016.

Målet med prosjektet for felles PP-teneste er å utvikla ei felles pedagogisk-psykologisk teneste med mindre sårbare fagmiljø som sikrar god utnytting av fagkompetansen i regionen, og rekrutterer godt kvalifiserte medarbeidrarar. Tenesta må arbeida systemisk, systemretta og koordinert også i høve vidaregåande opplæring slik at me

kan styrka tilpassa opplæring, auke læringsutbytte og redusera bruken av spesialundervisning i regionen.

Sogndal vertskommune

I praksis inneber den nye fellestestenesta at fylkeskommunen sitt PPT-kontor i Sogndal slår seg saman med PPT Luster. Sogndal er vertskommune for den nye interkommunale tenesta, og PPT Sogn vil ha kontor i nybygget til Sogndal vidaregåande skule på Campus.

Stor takk til PPT Luster

Kari Alme og Bodil Skjerven Brennesvik vert med over til den nye fellestestenesta. Leiar av

PPT Luster, Olfert Øvrebø, går frå 1. januar over i ny stilling som kommunepsykolog i Luster, medan kommunelogoped Ellen Aarskog Melheim vert pensjonist på nyåret.

Barnehagane, skulane og Oppevkst har hatt eit tett og godt samarbeid med PP-tenesta i Luster i nærare 30 år. Stor takk til Olfert, Bodil, Kari og Ellen for arbeidet dei har gjort for barnehagebarna, skulelevane og vaksne pasientar i Luster gjennom ei årrekke.



Dei kommunale fagnettverka er ein viktig møtestad for fagleg påfyll, inspirasjon og erfaringsdeling. Frå venstre: Foredragshaldar Vigdis Refsahl, Marit Scharning frå Statped og nettverkskoordinator Hilde Selland.

Rekordmange lustralærarar tek vidareutdanning

Vidareutdanning av lærarar er ei prioritert nasjonal satsing gjennom strategien «Kompetanse for kvalitet». I år er det heile 12 lærarar i Luster som nyttar seg av denne ordninga. Det er klart flest i Sogn.

Vidareutningsstrategien «Kompetanse for kvalitet» tok til å gjelde frå 2012 og er no forlenga fram til 2025. Strategien er eit samarbeid mellom KS, arbeidstakarorganisasjonane, lærarutdanningane og Kunnskapsdepartementet. Målet er at vidareutdanning for lærarar skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnop-

plæringa for å styrka elevane si læring.

Staten bidreg med ei fast finansiering. Lærarane kan velja mellom ei vikarordning med 37,5 % studiepermisjon eller eit studiestipend på 100 000 kroner. Det formelle kravet for å få innvilga vidareutdanning er at ein har fast stilling.

Dei to siste åra har vidareutdanning i matematikk og naturfag vore prioritert frå staten si side. Dersom ein lærar vel eitt av desse realfaga og vikarordninga, får skulen refundert 225 000 kroner når læraren tek

30 studiepoeng. For andre fag får skulane refundert 180 000 kroner. Det er rektorane og leiar oppvekst som prioriterer søknadane. Av kapasitetsomsyn er det som regel vanskeleg å innvilga meir enn maksimalt to søknader per skule.

Viktig kompetanse

I fjor tok fem lærarar frå Luster vidareutdanning. I år er det 12 lærarar. Val av studium spenner vidt. Fem lærarar studerer realfag; matematikk eller naturfag, elles er det studium innan musikk, spesialpedagogikk, leiing i skulen, læringsleiring og vurdering, språk- og lesertettlei-

ing. Alt dette er viktig kompetanse for lustraskulen i framtida. Også studiestadene femner vidt; Sogndal, Bergen, Lillehammer og Oslo.

I tillegg til desse 12 lærarane deltek ein frå PPT Luster i den nasjonal vidareutdanninga og tek fordjuping i systemretta arbeid. Ein annan i PPT tek spesialisering i synspedagogikk. To av rektorane i Luster følgjer rektorutdanninga ved Høgskulen i Oslo og Akershus. Det er med andre ord brei etterutdanning over eitt breitt spekter.

«Dette er me godt nøgde med», seier leiar oppvekst Knut Åge Teigen. «At så mange tek vidareutdanning gjev Luster kommune både auka basiskompetanse i undervisingsfag og spisskompetanse på satsingområde som lesing, systemarbeid, vurdering og skuleleiring. Barnehage og skule er kunnskapsverksmeder. Skal me halda oppe kvaliteten i opplæringa, treng me formell fagleg ballast, påfyll og inspirasjon. Denne nasjonale vidareutdanningssatsinga er eit stort spleislag for auka kompetanse. Staten bidreg med mest pengar i potten, men også Luster kommune bidreg med ein god skjerv. Dette viser at Luster tenker offensivt og framtidsretta om kvalitet. Det er me stolte av.»

Kompetansekartlegging

Frå og med august 2015 innførte regjeringa nye og strengare kompetansekrav for å undervisa i skulen. Dette medverkar til at satsing på vidareutdanning vert endå meir påkravd. Til dømes må lærarar som skal undervisa i norsk, matematikk og engelsk på barnesteget ha minimum 30 studiepoeng i det aktuelle faget. På ungdomssteget trengst det 60 studiepoeng for å kunna undervisa i norsk, engelsk eller matematikk. I andre fag trengst det 30 studiepoeng.

Per i dag har kommunane visse mulegheiter til å gje dispensasjon for kompetansekrava, men denne dispensasjonsretten fell vekk i 2025 slik reglane er no. Dette inneber at Luster og andre kommunar må gjennomføra ei kompetansekartlegging av dei tilsette og planleggja ei systematisk vidareutdanning i fag der det er eller vil verta låg kompetansedekning.

Lesestrategiar, dysleksi og dyskalkuli

Kompetanseheving i skulen dreier seg ikkje berre om formelle studium og studiepoeng. Også dei lokale fagnettverka for barnehage og skule, er ein viktig arena for kunnskapstileigning og deling av teori og praksis. Sidan januar 2015 har Oppvekst hatt ein systemsamarbeidsavtale med Statped Søraust ved seniorrådgjevar Vigdis Refsahl.

Vårsemesteret 2015 hadde Refsahl fleire fagkurs med lærarane

i Luster om strategiundervising og lesestrategiar. Dette er knytt til dei kommunale fagnettverka og held fram vårsemesteret 2015.

Lese- og skrivevanskars er eit felt der det er stor trøng for kompetanseheving. Vinteren 2015 deltok om lag 25 lærarar på eit lengre nettkurs som DysleksiNorge arrangerer saman med Norsk nettskole. Også fleire føresette tok dette kurset. Komande vinter vil sju lærarar ta det same nettkurset i tillegg til at fire lærarar tek eit tilsvarannde kurs om dyskalkuli, dvs. spesifikke lærevanskars i matematikk. Vona er at systematisk kompetanseheving i lærarstabben, erfaringsdeling mellom skulane og samarbeid med føresette skal bidra til at opplæringa vert betre for den gruppera elevar som har ekstra utfordringar med lesing, skriving og rekning.



Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2016 går av stabelen 3. - 7. august 2016 i Gaupne, med Jostedal spel- og dansarlag og Gamlebanken Spelemannslag som vertskap. Landsfestivalen feirar 30-årsjubileum i 2016, og det er første gong den blir arrangert i Sogn.

Søkjer frivillige

- Desse dagane kjem tusenvis av menneske til Gaupne, og festivalen har difor bruk for mange hender, føter og hovud i sving – mange fleire enn dei me har sjølv, seier Arve Bjørn Røneid.

- Opn dørene. Me veit det er ikkje alle som kjem hit med campingvogn eller bobil. Alt no har fleire gjeve melding om at dei tek imot personar til overnatting. Eg oppmodar folk til å opna dørene sine, seier Røneid.



Festivalnemnda



Riding gjev motorisk trening og er glede i fellesskap.

«Inn på tunet» 15 år i Luster

I år er det 15 år sidan Inn på tunet-ordninga først vart prøvd ut i Luster. Inn på tunet er eit privat tenestetilbod som byggjer på garden og bonden sine ressursar og der ein tilrettelegg tenester særskild opp mot brukarane sine behov. I dag er det tilbod om Inn på tunet for tre ulike tenesteområde i kommunen: Skule, demens og psykisk helse.

Når det gjeld skule, har utgangspunktet i Luster vore at Inn på tunet-ordninga er eit tilbod særleg retta mot elevar med individuell opplæringsplan og som treng ein supplerande læringsarena til skule og klasserom. Tilboden har vore ei samhandling mellom PP-tenesta, skule, heim og elev. Det er eit fagleg styrketiltak som gjev meir praktisk undervising og større variasjon i arbeidsmåtar. Nøkkelord er samhandling, meisning, motorisk trening, trivsel og tryggleik. Vaksenkontakt og å følgja faste arbeidsrutinar er også viktige element i Inn på tunet-tenesta.

Per i dag er det tre tilbydarar av Inn på tunet-relaterte tenester for skuleelevar: Viki gard og turistverksemd ved Svein Arne Næss i Høyheimsvik, Lingjerde gard ved Anne Grete Leirdal på Nes og Leon Lunde på Indre Hafslo. Desse har kvar sin profil og alle har pedagogisk kompetanse i botn, noko som vert opplevd som ein bonus. Det at det finst eit variert tilbod gjer

det også enklare å skreddarsy det pedagogiske opplegget for den einskilde elev.

Skuledag med praktisk og fagleg læring

Aktivitetane elevane deltek på er først og fremst knytt til gardsarbeidet og dei daglege rutinane. Faglege oppgåver vert så kopla til desse praktiske aktivitetane. Det kan dreia seg om utreknin-



Rekneoppgåver knytt til praktiske og konkrete utfordringar gjev meiningsfull læring.

Hafslo barnehage på garnfiske

Hafslovatnet er barnehagen sin nærmeste nabo, og vi ønskete at barna på Lilla skulle få kjennskap til fisken i vatnet og fange den ved bruk av garn. Då vi ikkje er grunneigar med garnrett, gjorde vi avtale med ein far som stilte med både båt, garn og kompetanse.

Med løyve frå Hafslo grunneigarlag og med god hjelp av Karl Magnus Withbro, kunne vi realisere dette fiskeprosjektet med barna på Lilla i Hafslo barnehage. Målet var at vi skulle bli betre kjend med «naboen vår», få høve til å vere ute i båt, få erfare både å sette og dra garn og sjølvsagt ønskte vi å få fisk. Alt dette oppnådde vi desse to flotte septemberdagane.

Måndagen var grupper på tre barn om gongen med i båten for å sette garna. Garna kom i vatnet på ulike stader, utanfor

gar og såkalla praktisk matematikk og det kan dreia seg om å gjera enkle presentasjonar eller å laga noko. Ei vanleg avslutning på Inn på tunet-dagen er at elevarne skriv logg og/eller samtalar og reflekterer over kva dei har lært og opplevd.

Det er også eit mål å få til at det som skjer på *Inn på tunet* vert følgt opp fagleg på skulen seinare. Meistring og samanheng skapar motivasjon. *Inn på tunet*-aktivitetane skil seg også frå skulekvarden ved at dei ofte inneber arbeid med og pass av dyr. Dette er meiningsfulle aktivitetar. Både Leon Lunde og Svein Arne Næss driv med sau medan riding, hestestell og stalbarbeid er sentralt for tenestene til Anne Grete Leirdal og Reidun Elle på Lingjerde gard.



Dette er auren!

skulen, Tang og i Smedagarden. Tysdagen drog vi ut for å dra garna og det var sjølvsagt stor spenning om fiskane hadde gått i garna! Det hadde dei. Vi kunne dra opp 21 aurar i ulike storleikar.

Vi undersøkte og såg nøye på korleis auren såg ut utvendig, kor blank han var og kor kvasse tenner han hadde. Det var ekstra spanande når Bente spretta opp fisken. Vi fann magesekken, tarmane, levra, hjertet og fleire av fiskane hadde mykje rogn. Ei jente sa at «eg et ikkje fisk». «Joda», sa den vaksne, «du et vel fisk til middag?» «Eg et torsk og laks, men ikkje fisk», svara ho. Kanskje var det første gongen ho såg ein heil fisk med hovud, spor og finnar? Vanlegvis kjøper vi fisken på bui og då er han ofte oppdelt i serveringsstykke.

I tillegg til garnfiske fanga vi



Og slik ser innmaten ut.

stiklingar. Dei er små og vi fanga dei med hov i småbåthamna. Dei var ikkje så lett å få opp i hoven, dei reagerte lynkjapt på rørlene i vatnet og smatt unna. Men nokre greidde vi å få i hoven, og det var moro å sjå dei symje ned i bøtta vår. Etter ei stund sleppte me dei ut att i vatnet.

Og fiskane som vi fanga med garn, dei åt vi sprøsteikt rett frå steikepanna!



Her fol vi godt med på dei som dreg garnet der ute i båten.



På Veitastrond skule er det berre gutter. Foto: NRK Sogn og Fjordane.

På Veitastrond har dei rein guteskule

På Veitastrond skule er ikkje likestilling ei problemstilling. Samtlege av dei sju elevane er nemleg gutter – og det same er lærarane.

– Det er moro at det er mange gutter, for då kan vi leike guteleikar, seier Erik Johan Hilleren (11) til NRK Sogn og Fjordane, og me klipper vidare derfrå:

På Veitastrond skule er det berre gutter på dei seks klassetrinna. Det er fire år sidan dei sist hadde ei jente som elev ved skulen.

– Her er dei ikkje vant med noko anna. Eg trur dei er godt nøgde med situasjonen slik den er, seier pedagogisk leiar, Helge Nes.

På Veitastrond deler alle sju gutane både klasserom og to

lærarar – som sjølvsagt også er menn.

– Her er det ikkje mykje dokker. Men det er ein veldig samanspleisa gjeng. Dei er trygge på kvarandre og dei er vant med å ta ansvar for kvarandre og vise omsorg, seier Nes. Eldstemann er den einaste som kan hugse jenter på skulen. Då han gjekk i førsteklasse, var det faktisk jenter på skulen.

– I gymtimane hadde vi to lag

i kanonball. Då var det jentene mot gutane, seier Hilleren.

– Jentene tapte vel heile tida, spekulerer ni år gamle Noah Heggestad.

På det meste var det 20 elevar på skulen, men då må ein attende til 1970-talet. No er dei sju, men i åra som kjem ser elevtalet ut til å auke igjen.

Snart kjem det jenter igjen. Om tre år er jentene som no går i barnehagen klare til skulestart.

Bli med på

Ungdommen si kulturmönstring er under planlegging, og påmelding skal som for tidlegare år skje ved å gå inn på UKM.no for så å velje: Finn di mønstring, fylke, og kommune.

Lammeslakt i 2. klasse ved Gaupne skule

2. klasse ved Gaupne skule prøver å ta vare på tradisjonar. Om hausten er slakting eit viktig tema, og kva er ikkje meir naturleg enn å ta med eit lammeslakt på skulen til elevane?

Tysdag 29. september i halvni-tida kom Bernt Aleksander Elle, frå Ellevilt, til skulen berande på ein innpakka lammeskrott på vel 20 kg. Elevane hadde i førevegen arbeida med temaet i naturfag, og no var endeleg lammeslaktet på veg inn til kjøkendisken, berande av ein som kan skjere ned eit slakt.

Omgrep 2. klasse var budde på var bog, lår, nakke, pinnesider, ryggmarg med fleire. Skilnaden var stor frå å sjå biletene av eit slakta dyr i boka til å få sjå slakta bli skåre opp i delar, der me lærde namn på delane undervegs i partertinga. Målet med denne undervisninga var og at elevane skulle få gode haldningar og kunnskap om å lage sin eigen mat frå botnen av. Lammelåra og pinnesidene vart salta med ein gong. Pinnesidene heng no til turk på Lambhaug. Surra steiker, indrefilet, kotelettar var nokre av dei andre delane me fekk sjå.



Lærande elevar.

Bernt Aleksander lærte klassen og om korleis fordøyingsssystemet fungerer og korleis bein, ledd, knoklar og musklar heng saman og dannar sauens sitt skjelett. Det heile vart toppa då ryggsøyla vart delt og me kunne dra ryggmargen ut, der nervetrådane samlar seg på veg til hjernen. Det var veldig spennande å sjå!

Til jul skal 2. klasse vere med å lage julemiddag. Der vil pinnek-

jøtet bli servert i lag med lokale poteter og kolrotstappe.

I 10.30-tida forlét Bernt Aleksander kjøkenet på skulen med ei bør 20 kg lettare enn då han kom. Berre kvasse knivar, papp og kassar vart med han tilbake til arbeidsplassen. Mest truleg tenkte han etterpå det same oss; dette var ei god læringsøkt!



Indrefiletene er på veg ut.



Ryggmargen er komen ut i friluft.



Christian E.
Pettersen

Christian E. Pettersen, naturen sin venn

Christian Pedersen er nasjonalparksforvaltar for Jostedalsbreen. Han hjelper Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med å bestemme kva som kan skje i nasjonalparken. Me slo av ein prat med han i Vanndalen.

Christian har mange forskjellige oppgåver. Mesteparten av jobben gjer han frå kontoret sitt i Gaupne. Ei av dei viktigaste oppgåvene er å passe på at det er riktig informasjon ved informasjonsportane nær nasjonalparken. I Vanndalen er det eit stort informasjonsskilt der det står kva reglar som gjeld i Nasjonalparken.

I tillegg er Christian med på å gje folk løyve til å gjere ting i Nasjonalparken som i utgangspunktet ikkje er lov. Det kan vere bruk av helikopter eller å bygge hytte.

Det Christian likar best med jobben sin er at han kan møte nye menneske, som nyt eller nyttar naturen.

«Eg kan være litt ute i naturen, men det er det meir dei som jobbar i Statens naturoppsyn som gjer ».

Han fortalte oss og at det er Ivar Kvalen som er leiar i styret for Jostedalsbreen nasjonalpark. Christian har aldri sett levande jerv i naturen før, berre utstoppa, døde og nokre levande jervar i ein dyrepark. Christian fortalte at dei finn DNA-et til jerven ved å finne bæsjen, og så sender dei den inn til laboratoriet.

Det Christian likar minst med jobben sin er å seie nei til folk

som spør om å gjere noko som dei har lyst til i nasjonalparken, t.d. bruk av helikopter i parken. Avslutningsvis spurte me han om han hadde hørt om Vaffeljerven, men det hadde han ikkje. Når me forklarde han nærare, då hugsa han at det var ein jerv som var veldig glad i vaflar.

Tekst: Oskar, Emma, Alexander og Boldizsar



Informasjonsport
i Vanndalen



Rein Arne Golf

Rowvitteksperten Rein Arne

I haust var me på ekskursjon i Vanndalen for å læra om jerv. På ein av stasjonane møtte me ein glad og smilande kar, Rein Arne Golf. Han jobbar i Statens Naturoppsyn (SNO) og kan veldig mykje om jerv og kva utfordringar som er med dette dyret. Me tok oss ein prat med

Rein Arne om kva jobben hans går ut på.

Arbeidsoppgåver

Rein Arne Golf jobbar i Statens Naturoppsyn og oppgåva hans er å koordinere arbeidet til dei andre tilsette i SNO i forhold til store rovvilt.

Jerv i Luster

Rein Arne Golf fortalte at han hadde sett jerv i år. Han hadde også vore med på å drepe jerv her i Luster og i andre område i Sogn og Fjordane. Rein Arne tykkjer det er trist, men viktig å halda kontroll på jerven. Jerven kan gjere stor skade.

Rein Arne er med på å overvake jervane her i Sogn og Fjordane. Han samlar inn informasjon om jerven. Han leitar etter hi-plassar og han er med på å finna jerv som skal avlivast. Finn han kadaver av sau, kan han finne ut kva som har skjedd med sauen. Dersom ein sau har knuste bein i nakken, kan det vere ein jerv som er syndaren.

Me fekk sjå ein nedfrosen jerv. Den vart skoten med ei bedøvingspil. Rein Arne lærte oss mykje om jerv og det var interessant å høre på.

*Tekst: Ailen N Ekrene
og Kaja F Molland*



Hannjerv med bedøvingspil.

Jerv i norsk natur

I denne artikkelen ynskjer me å fortelje litt om jerv. Kva et han? Kvifor og korleis lagrar han mat? Kva utfordringar er det med jerven?

Rovdyr med ein sterk kjeve

Jerven er eit rovdyr som høyrer til mårfamilien. Eit rovdyr drep andre dyr og det vil seie at han et kjøt. Han et helst råte kjøt, men også ferskt. Jerven har veldig sterk kjeve som han nyttar til å drepe dyra. Kjeven er så sterk at den knuser beina i nakken på byttedyret. Jerven trivst best på fjellet. Det er vanskeleg å få auge på han. Det er fordi han er mykje meir redd for oss enn me er for den.

Uthaldande og lett til beins
Jerven er sterk og ser ut som ein liten bjørn. Han har store potar som gjer det lett å gå på snøen om vinteren. Potane har fem skarpe klør på kvar fot. Han kan springe opp til 4 mil i døgnet. Han spring ofte om natta. Det gjer det vanskeleg for



Hovudskalle av sau og jerv.

jegerane å skyta han. Jerven er ein god klatrar.

Jerven er brun-svart. Han kan bli opp til 1 meter lang. Tispene veg 8-12 kg og hannar 12-18 kg. Jerven kan bli opptil 17 år. Jerven kan få 1-5 kvelpar. Men det vanlegaste er 2-3.

Lagrar mat til vinteren

Jerven jaktar etter mat heile året, og hamstrar overskotslageret til därlegare tider. Grunnen til det er at han ikkje veit kor mykje mat han treng om vinteren. Han gøymer maten i bekkar, steinur er og myrer. Jerven har god luktesans, så den klarar å finne

Barnas naturoppsyn

Barnas naturoppsyn er eit landsomfattande opplegg der skulane i Luster har tilbod om å vera med. Målet er å utforske naturen, vere nysgjerrige og formidle det me lærer vidare til foreldre, politikarar og lokalsamfunn. Oppdraget vårt er å informera om jerven på ein nøytral og riktig måte.

Tysdag 8. september var me i Vanndalen. Me reiste saman med elevar frå Jostedalen og Indre Hafslo. Då me kom fram til Vanndalen, hadde folk frå Statens Naturoppsyn (SNO) og nasjonalparkforvaltingen sett opp lavvo og laga bål. I mat-

pausen fekk me pølser og varm saft. Me vart delte inn i tre stasjonar, der me fekk læra om jerv, nasjonalparkar og landskapsverneområde.

På den eine stasjonen skulle me læra om jerv. Jerven er liten, sterk, den lagrar mat og er uthaldande. I Luster skal det ikkje vere jerv. Jerven kan heller ikkje ha hi i Luster. Så lenge den ikkje gjer noko skade kan den vere her.

På den andre stasjonen fekk me informasjon om kor flotte og viktige verneområda våre er. Me har verneområde fordi me må ta vare på naturen og dei dyra og plantane som held til der. Når

du ser eit skilt med biletet av ei løve på, betyr det at du kjem inn i ein nasjonalpark. Det er ei riksøvre fordi det er Kongen som har bestemt at det skal vere sånn.

På den tredje stasjonen hadde me orientering. Her måtte me finne postar ut i frå eit kart. På postane var det spørsmål om verneområde, jerv og frå det me hadde lært denne dagen.

Tekst: Marte Fardal Svangstu, Victoria Veum og Amalie Johannessen Skålvik

att maten som han har gjøymt. Han finn ikkje att all maten, fordi noko rotnar vekk eller vert ete opp av insekt og rovdyr. Favorittmaten til jerv er sau, rein og smågnagarar.

Utfordringar med jerv

Eit av problema med jerv er at den drep sau. Sauen går mykje i flokk, så den er eit lett bytte for ein lettbeint jerv. Det er dumt for bøndene som driv med sau. Når jerven har tatt ein sau, har bonden rett til erstatning frå staten.

Lisensjakt på jerv

Fjellområda i Noreg kan ikkje haldast frie for jerv. Jerv har lov til å ferdast i Luster. Dersom jerven gjer skade er det lov å drepa han, men det må gjera ast av jegerar med løyve. Om jegerane ikkje får drept jerven, kan Statens naturoppsyn (SNO) få i oppdrag å fjerne jervar som er til skade. Når SNO skal drepa jerven, skyt dei han med ei bedøvingspil først. Det er viktig å sjekke om jerven er ei ho eller ein han. Viss det er ei tispe, er det viktig å finne ut om ho har



Elevane undersøker jervespor.

ungar. Er det ein han, vert den ikkje vekt opp att. Er det ei tispe vaknar ho opp, og det vert festa på ein GPS rundt nakken. Dei følgjer så jerven til hiet ved hjelp av GPS'en. Då drep dei både ungane og mora.

Jerven treng mat året rundt og er eit dyr som tilpassar seg områda

i fjella. For å overleva lagrar den bytta sine til vinteren. Dersom jerven drep sau, har me reglar for kva som skal skje med den.

Tekst: Julie Leirdal Skjerven og Abdiladif Omar Jama.



Matpause i Vanndalen



Borna ved Luster oppvekstsenter song tradisjonssongar.

Hestaskår har fått kulturminnemerke

Fredag 11. september 2015 var det markering av at stovehuset Hestaskår i Luster er ferdig restaurert, og oppvekstsenteret var invitert for å bidra med aktivitetar, spel og song. Husmannsplassen, med Luster sogelag i spissen, fekk same dag tildelt Kulturminnefondets plakett for godt arbeid med istandsetting og bevaring gjennom bruk av det unike stølsanlegget.

Arbeid og leik

I Hestaskår vart dei møtt av born frå Luster oppvekstsenter som held på med ulike aktivitetar, både «arbeid» og leik. Mellom anna deltok riksantikvar Holme sjølv i «5-stein». Luster



Riksantikvar J. Holme deltok i «5-stein»

oppvekstsenter synte fram starten på forteljinga om husmannsguten Øivind og bondedottera Marit frå Bjørnson sin "En glad gutt". Alle borna frå oppvekstsenteret deltok med fleire tradisjonssongar. Husmannungane måtte frå gammalt vere med og delta i dei ulike arbeidsoppgåvene i heimen. Om hausten var bærplukking eit godt og gratis tilskot i husmannskosten. Ungane var med både på bærplukking og reinsking av bæra. I tillegg laga dei mat, bar vatn og ved, hesja og laga eige utstyr.

Offisiell opning

Til stades ved den høgtidelege markeringa var også Riksant-



Bakstekona (og lærar) Britt K. Schmidt og elevane Oskar, Thomas, Kristine og Olivia.



Bærreinsk ved lærar Else K. Vigdal og elevane Emma, Thora, Rebekka og Markus.

tikvar Jørn Holme, ordførar Kvalen, rådmann Skartun, sokneprest Paulsen, Geirr Vetti, Bjørg Hovland og mange fleire. Markeringa starta ved Dale kyrkje og dei frammøtte gjekk opp til Hestaskår. Simen Bjørgen, direktør i Kulturminnefondet, delte ut fondet sin plakett. Det var helsing frå kommunen ved ordførar Ivar Kvalen, og historikar Arne Solli frå UIB for-

talde om husmannsvesenet. Det vart òg servert husmannskost. Dale skulemusikk runda det heile av med flott musikk.

Fortid og framtid

Hestaskår er kanskje Noregs eldste husmannsplass, etablert på 1600-talet. Fram til 1902 hadde det vore 17 husmenn der. Luster sogelag vil bruke staden til museumsføremål, under-

visning og møte- og forsamlingslokale. I tillegg skal dei også formidle historie og tradisjonelle mattradisjonar, og huse overnattning for Den norske turistforeining. Norsk kulturminnefond har støtta istandsettinga med nær 800.000 kroner, og meiner det er svært positivt at bygningane blir bevart for framtida, samtidig som det blir lagt til rette for at folk får oppleve anlegget.



Hesja, raka og idyll med lærar Håvard Vinda og elevane Marthea, Håvard og Samuel.



"HakkekyllingKvalen": Ordførar Ivar Kvalen vert kasta svamp på.



1.-premievinnarane. F.v.: Håvard Nes, Johannes Olai Nes, Joar Søhoel, Ivar Solvi som også held vandrepokalen, Thor Helge Solberg.

Nøgde deltakrar og fin fangst på fiskefestivalen

På vegne av Hafslvatnet grunneigarlag arrangerte 10.-klasse ved Hafslø barne- og ungdomsskule tradisjonen tru Hafslø fiskefestival siste laurdagen i august.

Totalt 78 deltagarar drog ut på fiske fordelt på sju ulike klassar: Barn t.o.m. 8.-kl., dame, herre, familie, båt, båt familie og flugestong. I tillegg var det premierung for å ha fanga den største fisken, den minste fisken, flest fisk og mest fangst i kg. Fiskefestivalen er eit populært arrangement, og spesielt gledeleg er det at fleire ungar og familiar brukar denne dagen til å fiske ved dei mange fine fiskeplassane i og ved Hafslvatnet.

Resultat

Barneklassen:

Desse ungane deltok og fekk premie: Fredrik Skårhaug Talle, Inger Anne Bruheim, Johanna Skårhaug Solvi, Magnus Brusegard, Håvard Bringe, Theo Opheim Moen.

Vinnarar i dei ulike klassane:

Herre: Joar Søhoel, totalvekt 5.372 gram.

Dame: Margrete Skårhaug Solvi, totalvekt 1.654 gram.

Båt 1 person: Magnar Moene, totalvekt 6.200 gram.

Båt familie: Hans Harald Nes, totalvekt 8.160 gram.

Familie: Per K. Hillestad, totalvekt 392 gram.

Flugestong: Leif Grangård, totalvekt 1.502 gram.

Vinnarar på tvers av klassane:

Største fisk og årets vinnar av vandrepokalen: Ivar Solvi i herreklassen, vekt: 1.364 gram.

Minste fisk: Thor Helge Solberg i klassen flugestong, vekt: 8 gram.

Største tal fisk: Joar Søhoel i herreklassen, totalt 57 fisk.

Største totalvekt: Familien Hans Harald Nes i klassen Båt familie, totalvekt 8.160 gram.

Medan fiskarane heldt på, var det masse aktivitetar i sentrum. 10.-klassen hadde fått låne lykkehjul frå bygdalaget i Solvorn. Det var ansiktsmaling, loddsal, gjettekonkurransar, dans og toradarspel. Populært var det også at politikarane som hadde stand same dagen stilte opp til svampekasting på «Hakkekyllingen» som var laga spesielt til festivalen. I kafeen var det nysteikte sveler, anna heimebakst og pølser.

Elevar og føresette i 10.-klasse er svært nøgde med festivalen, som gav eit solid tilskot til tematuren til Polen og Berlin 5. - 12. september.



Kafedamene: Kafedamene hadde mykje godt å selje.

Motivasjonsveka på Luster ungdomsskule:

Korleis skape indre motivasjon som ein har med seg heile livet?

Våren 2015 vart det gjennomført ståstadanalyse på Luster ungdomsskule (LUS). Denne er tilgjengeleg som analyseverktøy gjennom Udir.no. Etter analyse av denne, samt medarbeidarkartlegging og elevundersøking, kom LUS fram til at motivasjon skal vere eit satsingsområde.

Luster kommune skal inn i den nasjonale ungdomstrinnsatsinga dette skuleåret. Ungdomstrinn i utvikling har fokus: På lag for meir læring og motivasjon. Det er fire tema: Lesing, skriving, rekning og klasseleiing. Luster kommune har valt fokus; skriving.



Morgonsamling. Utviklingstid med Rasmus Mo for tilsette.

- Quiz-kveld m/pizza for tilsette.
- Kantine – valfag innsats for andre, inntekt til Frivilighetsentralen i Gaupne.
- Swot-kurs for elevane, «Ynskjer du hjelp til å verte betre i noko på skule og / eller fritid? Ta ein enkel test og få veiledning på kva du bør gjere?»

Som eitt ledd i å fylgte opp kartlegginga frå i vår og rette fokus mot ungdomstrinnsatsinga, så har LUS hatt «Motivasjonsveke» i veke 46.

Programmet har vore allsidig:

- Arbeid/leik med omgrepet «Motivasjon» - kva tyder det for deg?
- Foredrag av Rasmus Mo; som snakka om relasjonelt mot, det å verte sett, skape suksess der du er, vere dønn ærleg, lidenskap og ikkje minst hovudfokus: Verte betre i det du er best på!
- Kulturell samling, med innslag frå elevane.
- Foredrag med tema; entrepenørskap v/Holger Aasen.

Kristin Vee, ass. rektor, vonar at elevane har fått oppleve ei annleis skuleveke som gav inspirasjon til vidare skullearbeid og læring. Sofie Bukve Gunnestad (9B) uttaler: «Eg tykkjer denne veka har vore bra og motiverande. Me hadde besøk av Rasmus Mo. Det var moro. Me har hatt mange besøk denne veka. Me har hatt besøk av biblioteket og. Me har fått meir lyst til å gå på skulen. Det tykkjer eg då».



Fra kulturell samling. Rødhette og ulven på tysk. Ulven: Kolbein Eide Bukve, Rødhette: Idun Schmidt.

«Innsats for andre»

Valfaget «Innsats for andre» går ut på at elevane skal gjere frivillig arbeid for nokon. Dei skal gjere ein innsats for andre i samfunnet. I læreplanen står det:

«Opplæringen skal gjøre elevene i stand til å identifisere behov for frivillig arbeid i lokalmiljøet. De skal også kunne bruke egne ressurser og kunnskaper til å planlegge, iverksette og slutføre tiltak som imøtekommmer behovene. I dette arbeidet skal lokale behov bli ivaretatt samtidig som det skal bidra til å styrke elevenes tilhørighet i lokalsamfunnet. Faget skal gi elevene kunnskap om forutsetningene for frivillig arbeid og praktisk erfaring med å skape noe som kan ha verdi for andre. Kunnskap om etiske retningslinjer, kommunikasjon og samhandling inngår i faget. I arbeidet er det lagt til rette for at elevene kan oppleve å bli verdsatt for den innsatsen de gjør. Eget engasjement i faget skal bidra til at elevene utvikler en bevisst holdning til hvor viktig frivillig arbeid og sosial verdiskaping er.»

På Luster ungdomsskule har ungdommene hatt tilbod om dette faget i tre år. Det synes som om elevene trivs med faget. Det er



Marie Skamsar Aasen (t.v.) og Margrethe Drevdal Tverberg med Astri Drægni mellom seg.

hovudvekt av jenter som er med, og me oppmodar fleire gutter om å søkje.

Faglærar i år er Stine Solvi, og ho fortel engasjert om kva dei alt har gjennomført denne hausten. Eitt av dei første prosjekta var bollebaking, der inntekta gjekk til Redd Barna. Innsamlingssum vart 2000 kroner, og elevane fekk diplom for innsatsen. Dei har og samla inn pengar til årets tv-aksjon. Planen er at dei bakar kvar 6. fredag og at inntektene går til eit godt føremål.

Det store prosjektet no er samarbeid med barnehage og ATS. I tillegg har me kontakt med heimetenesta om aktuelle

oppgåver for dei eldre, som snømoking, handling, samtale m.m. Bileta viser elevar i aksjon rundt dette prosjektet.

Ass. rektor Kristin Vee er svært stolt av elevane og lærar og dei har fått diplom for innsatsen i haust, som heng i aulaen på ungdomsskulen.

Eit av satsingsområda til Luster ungdomsskule er motivasjon. I veke 46 skal me gjere litt ekstra ut av dette. Då er planen å kople elevgruppa på i form av oppgåver m.m.

Dersom dette høyres ut som noko for deg, ta gjerne kontakt med faglærar, Stine Solvi, mob: 988 93 220.



Birthe Sleppen Josvanger saman med born fra barnehagen.



Hedda Njøs saman med born fra barnehagen.



Faglærar Stine Solvi.

Frimoro

Elevar i 4 – 7 klasse frå bygdene i Luster hadde to kjempedagar i lag på FriMoro i juni. Ungar frå dei ulike skulane møttest og vart kjende med kvarandre.

Det var lagt opp til to dagar fylte med aktivitetar som kano, havkajakk, sup - brett, pil og bøge, spikking, matlagning, natursti, luftgevær m.v. Aktivitetar som gjev lærings, lagarbeid, meistring, naturoppleving, «gratis» fysisk aktivitet, sosiale relasjonar og nye venner.

Her er nokre biletglimt frå aktivitetan 2015.





Ungdomstrening på Luster Treningscenter

Ungdomstreningsa, eller Ung PT, er godt i gang på Luster Treningscenter. Treningsa er leia av personleg trenar Rune Stenehem, og er eit tilbod til dei som går på ungdomsskulen. Dette skal vera eit lågterskelt tilbod som passar for alle. Det kan vera eit supplement til annan aktivitet i idrettslag, eller eit treningsstilbod til dei som elles ikkje deltek på organiserte aktivitetar.

Ungdom og trening

Tendensar i samfunnet viser at ein som barn har aktive kvardagane og er innanfor tilrådingane frå Helsedirektoratet på 60 minutt moderat aktivitet kvar dag. Men etter kvart som ein blir eldre og fram mot vaksen alder fell aktivitetsnivået, og berre 43% av jentene og 58% av gutane på 15 år oppfyller desse.

NOVA-rapport 3/11 om ungdom og treningsvanar frå 1992-2010 viser at talet på aktive ungdomar er relativt stabilt, men jo eldre ein blir, jo mindre trenar ein. Det at ein får gode treningsvanar i ung alder og at fysisk aktivitet er ein del av kvardagen, vil vera med på å skape ein livsstil som ein tek med seg inn i vaksenlivet. Då det er vanskelegare å endre åtferd når ein er vaksen, er det viktig at denne vanen vert lagt i ung alder.

Rapporten viser også at trening på treningscenter er den treningsarenaen som har auka mest dei siste 20 åra for ungdom mellom 13 - 17 år. I idrettslaget ser ein nedgang jo eldre ein blir, medan på treningssentra aukar andelen. Hadde ein ikkje sett veksten i trening på treningscenter, hadde

nok fallet i aktivitetsnivå med auka alder vore endå større.

Ung PT

Ung PT er ein treningsstime der ein har fokus på grunnleggande teknikk-, beveglegheits- og koordinasjonstrening gjennom varierte aktivitetar som utviklar styrken i heile kroppen. Det blir også gjennomgått teknisk trening med låg ytre belastning, der målet er å lære seg riktig løfteteknikk. Øvingane tek sikte på å trenere inn riktig pust, stabilisering av mage og rygg og halde ryggen naturleg rett. Ein nyttar helst eiga kroppsvekt i treninga, i tillegg til parøvingar eller hjelpemiddel som slynger, sklimatter, stepkassar, bungeestrikk og medisinball.

Trening med stor ytre belastning

Kulturstipend

Norill Terese Norheim, Mathilde Skjærret og Sindre Steig er tildelt 10.000 kroner kvar i kulturstipend frå Luster kommune.



Mathilde Skjærret



Norill Terese Norheim



Sindre Steig

gjer me ikkje på denne treningsa då dette først bør skje når ein er ferdig utvaksen, og vekstsonene i skjelettet har lukka seg i 16 - 18 års alder.

Korleis blir ein med på Ung PT?
Ung PT er ein time som går rett etter skuletid på onsdagar. I dag er det omlag 20 10.-klassingar som kjem på treninga, og me oppmodar dei i 8.- og 9.-klasse til å kome også. Blir me fleire, vil me setje opp fleire Ung PT timar.

Dei som er med har anten tren-

ingskort eller betalar drop-in. Med treningskort kan ein også delta på alle dei andre sal- og sykkeltimane i veka. Etter kvart vil me kanskje opne opp for meir trening i apparatsal med rettleiing av PT, eller at ein kan gå saman med ein føreset som har ansvar og som har hatt gjennomgang med PT.

Dette er eit godt tilbod om ein ynskjer å kome i betre fysisk form eller førebyggje skadar og livsstilssjukdomar, og som bonus er ein sosial på tvers av alder og

kjønn. I treninga er det fokus på meistring, slik at alle kan delta og få det til, anten ein er godt trent eller utrent.

Det er så altfor mange gode grunnar til å vera fysisk aktiv, så Luster Treningssenter oppfordrar ungdomen sjølv og foreldra deira til å ta eit aktivt val. Rapporten om ungdom og treningsvanar syner også at organisert og uorganisert trenin ikkje ser ut til å gå ut over lekselesinga, og dei som trenar brukar mindre tid på å sitje stille framfor tv- og dataskjerm.

Vaksne har eit ansvar i å vera gode rollemodellar for barna sine, så hjelp dei til å finne noko dei likar - om det er å gå tur, symje, stå/gå på ski, sykle, klatre eller delta på organiserte aktivitetar i idrettslaget eller på treningssenteret.

Er de meir interesserte i Ung PT, så ta gjerne kontakt med oss på treningssenteret eller les meir på www.lustertrening.no.





UK Luster 2015 – 2016. F.v.: Lars Thorsnes Lefdal, Kristine Erfjord, Kristian Ovrid, Hedda Njøs, Eline Skogstad Øvreås, Kristi Bjørhusdal, Sebastian Joranger, Anja Kvalsøren, Jørgen Tang, Marte Skjerven og Ida Falkgjerdet Svåi.

Arbeidsutvalet: F.v.: Hedda Njøs, Lars Thorsnes Lefdal, Marte Skjerven og Kristine Erfjord (vara).



Ungdommen sitt kommunestyre i Luster skuleåret 2015 – 2016

Medlemar.

Luster ungdomsskule:

Lars Thorsnes Lefdal, Gaupne
Sebastian Joranger, Marifjøra
Hedda Njøs, Gaupne

Hafslo barne- og ungdomsskule:

Kristine Erfjord, Hafslo
Marte Skjerven, Hafslo

Sogndal v.g. skule:

Gabrielle Krasauskaite, Hafslo
Vilde Sletten Moen, Hafslo
Elise Selland, Hafslo

4-H:

Eline Skogstad Øvreås, Skjolden

Idrettslag:

Politisk representant – Luster AUF:
Henrik Thorsnes Lefdal, Gaupne

Varamedlemar.

Maria Kalhagen, Gaupne
Kristi Bjørhusdal, Jostedal
Anja Kvalsøren, Gaupne

Jørgen Tang, Hafslo
Kristian Ovrid, Hafslo

Ida Falkgjerdet Svåi, Gaupne

-

-

Malene Nyløy, Fortun



Leiar Marte Skjerven



Det er viktig at feiarane våre har trygge arbeidsforhold, slik at me ikkje risikerer at Linda, eller nokon av dei andre feiarane våre dett ned.

Sogn Brann og Redning informerer:

Instruks for feiarane om tilkomst til skorstein på tak

I samsvar med Sogn Brann og Redning IKS sine retningslinjer skal det vera:

- Fastmonterte tak-trinn eller tak-stige i seksjonar som er festa både opp og nede
- Stigefeste på gesims der gesimshøgda er over 5 meter
- Takbru eller trinn der ein må gå mellom skorsteinar
- Takbru eller feieplattform der høgda frå taket og opp

til topp skorstein er over 1,2 meter

I tillegg vert følgjande alternativ godteke:

- Motvektstige som er festa minimum nede
- Bøylestige som er festa opp og nede
- Aluminiumsstige som ligg på minimum to krokar og som er festa nede
- Stige som når frå bakken og

heilt opp til skorsteinen og som er sikra mot utgliding nede

Følgjande alternativ vert ikkje godteke:

- Bøylestige som ikkje er festa
- Laus stige som ligg i krokar
- Gamle jarnstigar eller trestigar både opp til og på tak



Einar Melheim (Norsk Vann) overrekker blomster og diplom til den heldige dobbeltvinnaren Luster kommune ved Ingrid M. Slinde.

Luster kommune har det beste drikkevatnet i Sogn og Fjordane

Luster kommune deltok i oktober 2015 på den regionale semifinalen «Sogn og Fjordanes beste drikkevatn» under VA-konferansen på Alexandra Hotell i Loen.


Luster stilte i to klassar; med overflatevatn frå Hafslø vassverk og grunnvatn frå Gaupne vassverk. Det var påmeldt sju vassverk i kategorien overflatevatn og fire vassverk i kategorien grunnvatn.

Norsk Kommunalteknisk Forening skriv følgjande på heimesida si:

«Det meldes fra juryen om god kvalitet på alle prøvene og etter blindtest i lukket rom, hvor smak, lukt og farge var i fokus kom juryen frem til sin avgjørelse.

Luster kommune har Sogn og Fjordanes beste drikkevann i begge kategorier; Grunnvann og overflatevann.

Vi gratulerer og ønsker lykke til i landsfinalen i Telenor Arena 19. april 2016.»



Glade prisvinnarar frå Luster kommune. Dan-Yngve Høyheim, Ingrid M Slinde og Rune Vigdal.



Oppfylling av elvemassar frå Jostedalselvi for etablering av byggjefeltet Verket

Massane til Verket 2 vert henta frå Jostedøla.



Byggjefelt Luster kommune

Det vert i haust arbeidd med å gjere byggjeklar fleire kommunale felt m.a. Beheim 2, Verket 2, Kvitevollen og Drægni.

Ved opparbeiding av byggjefeltet på Verket 2 nyttar ein massar frå Jostedalselvi, eit samarbeidsprosjekt i regi av Statkraft.

Statkraft skal reinske ut massar frå Jostedøla nedanfor «nyebri» i Gaupne mot elveosen.

Det vert fjerna om lag 20 000 m³ grusmas sar som vert transportert bort til planlagd byggjefelt Verket 2 i Gaupne sentrum.

Bustadtomter for sal

Kvitevollen, Luster

Luster kommune legg ut for sal 8 einebustadtomter i bustadfeltet Kvitevollen i Luster. Tomtene vil vere klar for bygging januar 2016. Einebustadtomtene vert tilbydd for ein pris på kr 500.000. Tomt nr. 4 og 5 vert tilbydd med ein reduksjon på 10%.

Beheim 2, Hafslo

I bustadfeltet Beheim 2 på Hafslo er det ledige bustadtomter, rekkehustomter og ein terassehustomt. Tomtene er klare for bygging. Einebustadtomtene vert tilbydd for ein pris på kr 500.000.



Arbeidet med byggjefeltet Drægni er kome godt i gang.



Kvitevollen i Luster.

Kva gjer me med dei gamle bilvraka?

Dei færraste tykkjer det er tiltalande med bilvrak som er etterlatne kringom i bygdene våre, men det er diverre likevel ein del slike å sjå. Kommunen pliktar å bidra til at bilvrak, til liks med anna skrot, vert fjerna anten dei står på privat eller offentleg eigedom.

Ureiningslova seier at det ikkje er tillate å deponera kasserte køyrety på eigen eigedom (eller på andre sin...). Bilane inneheld både kjemikaliar og faste komponentar som er skadelege for miljøet, og det er difor viktig at dei vert tekne hand om på ein trygg måte. Både siste eigar av køyretyet og grunneigaren kan haldast ansvarleg for etterlatne bilvrak.

Så kva skal ein gjera med bilvraka? Kasserte køyrety skal leverast til ein biloppsamlingsplass som har autorisasjon til å ta hand om slike. Det er fleire verksemder som byr seg til å henta bilen og levera han til godkjend mottak, samt hjelpe til med vrakmeldinga, som berre krev vrakpanten til betaling. Det er altså berre ein telefon om å



Avskilta, etterlatne bilar er eit ureiningsproblem som kommunen ynskjer å ta tak i.

gjera. Det gjer ingenting at bilen ikkje er i køyrbar stand. Større køyrety, som ikkje har vrakpant, treng heller ikkje vera kostbart å få levert, metallprisen bidreg til at rekneskapen gjerne går mot null.

Alle kan bidra til å få gjort noko med bilvraka, jamvel om dei ikkje er eins eigne. Aller helst bør ein ta det opp direkte med eigar, men kommunen kan hjelpe til. Når kommunen har fått eit tips, vil eigar av vraket (ev. grunneigar) få ein telefon med oppmøding om å rydda det bort. Som oftast er dette nok.

Dersom køyretyet ikkje er borte etter eit par-tre veker, vert det send eit skriftleg krav med tidsfrist (kan påklagast). Står bilen der framleis etter fristen er gått ut, skal kommunen syta for å få han levert. Eventuelle kostnader vert lasta eigar. Kommunen har også høve til å nyta dagbøter for å få framdrift, men dette er berre aktuelt i svært vanskelege saker.

I fjar vart over 170 gamle køyrety fjerna frå ein einskild eige-dom, Flåten, på Indre Hafslo, som eit resultat av solid innsats frå grunneigaren med støtte frå



Gamle køyrety er skjemmande og miljøfarlege. Biletet er frå Flåten, der over 170 slike vart rydda bort i fjar.



Heile dette området var stabla fullt av vrak, for det meste bus-sar og lastebilar av eldre dato. I dag er området rydda og sådd til. Innsatsen til grunneigaren er eit godt føredøme, for om det er mange som har bilvrak stående, så er oppgåva for dei fleste meir overkommeleg enn ho var i dette tilfellet.



Her har Elin Refsdal Søhoel og Arne Kvalen teke mot sjekken på 250.000 kroner frå Sparebanken Vest. Foto: Liv Byrkjeland.

No blir det stupetårn i Solvorn

Overraskinga var stor då Solvorn Bygdelag under Hjartebank-konserten til Sparebanken Vest vart tildelt 250.000 kroner for å bygge stupetårn på badeplassen.

– Eg trudde ikkje me skulle få noko då me sökte, så eg er heilt overveldta, seier Elin Refsdal Søhoel frå scena då ho tek i mot sjekken saman med Arne Kvalen. Eg er heilt paff.

– No blir det mykje stuping framover på den fine badestranda vår, seier Kvalen. Me tek sikte på at det står ferdig våren 2016, så då er alle inviterte til stuping!

kommunen. Det var gledeleg å sjå at marka der det bokstavelig tala hadde vore stabla opp med lastebilar og andre større køyrety, i sommar stod grøn og nysådd. Saka er eit godt døme på at oppryddinga var til det gode både for eigaren, bygda og for naturen.

Ta gjerne kontakt med kommunen om du har spørsmål kring handteringen av bilvrak, eller har tips om etterlatne køyrety.



Utklipp henta frå Sogn Avis sin reportasje frå Hjartebank-konserten og gaveutdelinga.



Dagsturbu på Molden

No går det an å nyta nista på toppen av Molden i ly for ver og vind. I haust stod nemleg ei ny dagsturbu ferdig der. Bua er bygd i solid sherpa-handverk av lokal stein og med helletak. Frå benkene har ein eineståande utsyn innover Lustrafjorden. Bua er finansiert med spelemidlar, samt midlar frå naturarvprosjektet og kommunale tiltaksmidlar.

Det er enno ikkje for seint å rekka ein tur på Molden på tampen av friluftslivets år 2015. God tur!



Slik såg det ut då naturoppsynet kom til Nigardsbreen den 28. august. Truleg har ein flaum skola over området, ei hending som kunne fått fatale konsekvensar om ho hadde intruffe på dagtid.

Fornya fokus på tryggleiken ved Nigardsbreen

Aukande besøkstal, ein uvanleg ruvande breport, og ei svært uventa flaumhending har gjeve utfordringar for tryggleiken ved Nigardsbreen i 2015. Heldigvis har det nye sikringsopplegget vore effektivt i å hindra folk i å gå farleg nær brefronten.

Det milde klimaet dei seinare åra har tæra hardt på mange av breane i landet. Mange stader er brearmar heilt borte eller dei har trekt seg så langt attende at dei er vortne ueigna eller utilgjengeleg som reiselivsattraksjon. I takt med denne utviklinga er det venta at Nigardsbreen får aukande popularitet, noko dei gode besøkstala for 2015 også understøttar.

Etter den tragiske ulukka 20. august 2014, har tryggleiken for dei tilreisande fått fornva fokus. Sperringane som skal hindra folk i å gå for nær brefronten er bytt ut med kjetting i dei internasjonale åtvarings-fargane gult og svart. I staden for dei gamle plansjane, er det no laga til skilt med figurar som illustrerer dei ulike risikoane. Desse er meir iaugefallande og forståelege for born og andre som ikkje les engelsk. Det er også laga infotavler med litt meir forklarande tekst, desse skal vera på plass til neste sesong. Erfaringane er at talet




Nye skilt og sperringar har ført til at langt færre no tek sjansen på å gå farleg nær breporten.

på personar som kryssar sperringane har gått kraftig ned, og at dei fleste som kryssar unngår å opphalda seg i det farlege området lengre enn den tida det tek å ta nokre bilet. Risikoene for nye dødsulukker er såleis kraftig redusert.

Gruppa som står bak sikringstil-taka (Breførarlaget, Brevegen, Breheimssenteret, lensmannen, naturoppsynet og kommunen) vil likevel sjå attende på sommaren 2015 som ein meir spanande sesong enn ein kunne ynskja seg. Breporten var nemleg meir enn vanleg ruvande og høg, med store sprekkdanninger

slik at det stadig var svære blokker som truga med å rasa ut. Ein periode vart det innført auka beredskap med dagleg ettersyn for å styrka tryggleiken.

Ei svært uventa og skremmande hending må ha funne stad natt til 28. august. Det var på ein tilsynstur at Liv Byrkjeland (naturoppsynet) oppdaga at mykje av sikringsutstyret var rive bort eller dels nedgrave under grov grus, og det var spor som tyda på at store vassmassar hadde skola ned over berga gjennom akkurat det området der alle turistane brukar å samla seg. Dersom dette hadde skjedd på dagtid, kunne konsekvensane vere svært alvorlege. Hendinga vert undersøkt og det må no vurderast korleis ein skal møta det nye risikobiletet ho teiknar. Hendinga understrekar kor viktig det er med tett overvakning og kontinuerlege tilpassingar for å ivareta tryggleiken ved Nigardsbreen.



Breporten har vore uvanleg ruvande i år. Ikkje alle forstår at dette er eit farleg område, sjølv om det ligg store isblokker på berga nedom brefronten.



– en informasjonskampanje fra politiet for å forebygge vold i nære relasjoner

Vald

Kor lite skal du finne deg i?

Altfor mange lever i dag i valdelege forhold, men veldig få kontaktar politiet eller ber om hjelp. Med denne kampanjen ønskjer politiet å byggje ned barrierar mellom publikum og myndigheter, slik at valdsutsette får hjelp til å komme ut av den valdelege situasjonen.

Målsetjing: Gi auka kunnskap om vald i nære relasjoner og kva politiet kan hjelpe til med når det gjeld denne type kriminalitet, slik at valdsutsette kan søkje hjelp og komme ut av den valdelege situasjonen.

Målgruppe: Personar utsett for vald frå partnar, inkludert unge par, samt vitne som kjenner til at andre blir utsett for vald i nære relasjoner.

Bakgrunn: Prosjektet er ein del av Justisdepartementet sin handlingsplan «Eit liv utan vald (2014–2017)». Mange grove kriminelle handlingar får ikkje politiet vite om. Berre om lag 25 prosent av kvinnene som blir utsette for grov vald melder forholdet, ifølge tal frå Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatiske stress (NKVTS).

– God forankring i politiet og involvering av samarbeidspart-

narar på fagområdet er avgjerande for at kampanjen skal ha effekt når det gjeld å forebygge og bekjempe vald i nære relasjoner. Politidistrikta er godt informert og skal ta kampanjen ut lokalt, seier prosjektleiar, Raymond Thorsen, politioverbetjent ved Seksjon for seksuallovvbrot i Kripaos.

Ei utfordring med kommunikasjonen frå politiet er balansegangen mellom førebygging på den eine sida og straffesakssporet på den andre. For mange valdsutsette er ikkje straffa det viktigaste, men det å få slutt på valden og å få beskyttelse, og det kan politiet hjelpe med. Samtidig er det slik at informasjon om grov og gjentakande vald som politiet blir kjend med, utløyser plikter til å opprette ei straffesak (offentlig påtale).

Kampanjekonseptet: Kampanjekonseptet Hvor lite skal du finne deg i? handlar om å tenkje over ting på ein ny måte. Dei fleste relasjonar startar med forelsking og kjærleik – derfor er evna og viljen til å bortforklare og tilgi hos mange valdsutsette heilt naturleg, men og ei stor utfordring. Spørsmålet er ikkje kor mykje du skal finne deg i, men kor lite.

Kampanjen er utarbeida av Kripaos og kommunikasjonsbyrået Dinamo på vegne av politiet, og vil bestå av ei eiga nettside (hvorlite.no), plakatar, film og annonsar på nett og i sosiale mediar. Informasjonen på nettsida blir oversett til fleire språk. Politiet ønskjer at så mange som mogleg deler den viktige bodskapen med nettverka sine.



Jamt over ein gong i månaden er vi samla til møte og fagleg oppdatering. Her frå eit fagmøte på treningsenteret om lymfeødem behandling.



Fysioterapi i Luster kommune

Fysioterapeutar kan mykje om kropp, bevegelse og funksjon. Fysioterapeutar undersøkjer og behandler, driv opptrening og

rehabilitering etter operasjonar, sjukdom, skade m.m. Tiltak kan vere behandling som massasje, tøyting, varme/-kuldebehan-

dling, elektroterapi (ultralyd, straumterapi) eller behandling med øvingar og trening. Behandlinga kan vere individuell eller i grupper. Fysioterapeutar er også viktige aktørar innan helsefremjande og førebyggande arbeid gjennom aktivitet, rådgiving og opplæring. Dei har kunnskap om korleis sjukdom og skade oppstår, og kan gi råd om korleis førebygge plager eller hindre tilbakefall ved sjukdom. I Luster har vi ein god blanding av fysioterapeutar med mykje erfaring og yngre krefter. Vi har ulike kompetanse- og interesseområde. Når du får ei tilvising til fysioterapi frå legen, skal du ta kontakt med/ringje ein av fysioterapeutane i privat praksis. Dei held til i 2. etasje på Helsecenteret, i kjellaren på omsorgssenteret på Hafslo og på Luster Treningsenter.

Kommunale fysioterapeutar er knytt opp mot Helsestasjon/skulehelsetenesta og Sjukeheimstenesta/Heimetenenesta. I tillegg er det ofte ei kommunal oppgåve ved behov for fysioterapi i heimen eller ved andre meir samansette behov. Luster kommune tek også i mot turnuskanndidatar som har kommune-praksisen sin her i 6 månader om gongen.



Erik Sannebro



Kari I. Bukve



Linda Hermansen



Carla Navarro

Kommunale fysioterapeutar.



Joep Navarro



Bjørn Kalstad



Ronald Velthuijs



Erik Sannebro



Tor Jervan Staarvik



Jori Skorve

Desse driv privat praksis



Stå på ein fot når du tek på deg sokkar, slik pensjonist Torodd Joranger (t.v), fysioterapeut Kari Ingeborg Bukve og helseøster Anne Helen Strandabø demonstrerer.

Helsetenesta informerer:

Stå på ein fot!

Helsetenesta er opptekne av å førebyggje fallulukker. Mange eldre fell pga dårlig balanse og nokon av falla medfører brotskadar som lårhalsbrot. Dette er alvorlege skadar som medfører høg grad av sjukdom og i mange samanheng for tidleg død.

Ny forsking viser at eldre som er i god fysisk form også kan ha dårlig balanse, og er dermed utsatte for fall.

Korleis trenere balanse på ein lett måte?

Stå på ein fot når du tek på deg sokkane og når du pussar ten-

ner, då får du automatisk trenebalansen. Det er ofte dei enkle tiltaka som hjelper godt.

Vi oppfordrar også alle eldre til å delta i dei gruppetreneringane kommunen har på omsorgssentre i Hafslo, Gaupne og Luster som er kalla «Betre balanse».

*

Nye reglar for førarkort i 2016

Samfunnet er opptekne av å fjerne trafikkfarlege bilistar frå trafikken. Kunnskap om korleis enkelte legemidlar verkar på hjernen, fortel oss at nokre medisinar er farlegare enn andre. Det blir no innført mykje strengare regelverk. Dette er spesielt legemiddelgruppa Benzodiazepiner. Denne gruppa gjer redu-



sert kognitiv funksjon, dvs. ein ruseffekt. Dette må brukarane av desse legemidlane, og fastlegane som skriv dei ut, ha kunnskap om. Dersom ein pasient har førarkort og brukar ulovlege legemiddel, skal pasienten få køyreforbod og Fylkesmannen skal varslast.

Det er i alle si interesse at det blir informert godt om ordninga.

Konkret betyr det at desse medikamenta ikkje kan brukast om ein skal behalde førarkortet: Valium, Stesolid, Vival, Mogadon, Apodorm. Dette gjeld uansett dose.

Dersom ein bruker sovemedisin som Imovane, Stilnoct eller roande medisin som Sobril gjeld det eigne reglar:

Tablettane må vere tekne minst 8 timer før køyring. Maksdose for Imovane er 7,5 mg, Stilnoct 10 mg og Sobril 30 mg; alt pr døgn.

For lastebil og buss gjeld ennå strengare reglar.

Helsekrava til førarkortet er ikkje oppfylt om ein brukar dei oppgjevne dosane og i tillegg brukar alkohol eller andre slovande legemiddel.

Dersom du brukar dei opplista legemidlane, bør du ta kontakt med fastlegen. Det finst andre løysingar. Førarkortet er viktigare enn tablettane!


Alle legemiddel som er utstyrt med ein raud trekant kan påverke køyreevna. Ved inntak av enkeltdosar fyller ein ikkje helsekrava før 12 timer etter inntak. Bruk ikkje slike medikament når du kører.

All bruk av sovemedisin bør vere kortvarig og ikkje meir enn i få veker fordi:

- Bruk i meir enn 4 veker gjer

Nytt Naudnett på plass frå 27. oktober 2015

Det er etablert ei rekke nye sendarar slik at heile kommunen skal vere godt dekka. Legar og ambulansepersonell samt politi og brann er opplærde i bruken. No kan alle akuttetatane snakke saman via same type utstyr.



at du vert sløv, svimmel og får mindre initiativ.

- Det svekker koncentrasjonsevna, intellekt og korttidsminne, samt aukar risikoien for ulukke i trafikken og for å falle.
- Ein blir ofte psykisk avhengig og utviklar ein trong til medisinen etter å ha brukt den meir enn i 4 veker. Ein kan og bli fysisk avhengig av desse stoffa.
- Er du blitt avhengig, kan du oppleve at om du sluttar brått, så kan du oppleve uro, skjelving, sveitte og få søvn-

problem. Nedtrapping og stopp av slik behandling bør derfor skje gradvis.

- Mykje av effekten av sovemedisinen tapar seg etter få veker.

Er du interessert i å lære meir om søvn og søvnforstyrring? Gå til denne adressa:

Nasjonal kompetansetjeneste for søvnsykdommer – SOVno: www.sovno.no

Her er mange gode råd om søvn.



Reseptar før jul

Legekontoret ber om at alle som treng reseptar og attestar ordnar dette i god tid før siste veke før jul. Det er avgrensa kapasitet på kontoret i vekene 52 og 53.

Ergoterapeut Bjørn Ove Nytun Leirdal: Hjelphemiddel og moglegheiter i heimen

Hjelphemiddelformidling er ei av mange arbeidsoppgåver for ergoterapeutane.

Luster kommune har ergoterapitene som mellom anna hjelper og rettleiar om du treng hjelphemiddel i heimen. Bjørn Ove Nytun Leirdal jobbar i Luster heimeteneste med kontor på Gaupne Omsorgssenter, og har kontakt med dei som tek i mot tenester i heimetenesta. Kari Ødegård er tilknytt eininga Helse , har kontor på Helsenesteret, og sørger for hjelphemiddel for dei som er pasientar i sjukeheimstenesta, og til andre som ikkje har kontakt med heimetenesta.

Ergoterapeut Bjørn Ove Nytun Leirdal har informert på samlingar for pensjonistar, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne m.fl. og fortel til Lustranytt:

Det eg har merka i tida eg har jobba med dette, er at dei fleste ynskjer å bu i eigen bustad så lenge som mogleg, under føresetnad at dei føler seg trygge. Det kan difor vere nyttig å få informasjon om kva hjelphemiddel som finst, kva ein kan søkje om gjennom NAV – Hjelphemiddelsentral og kva nyttige småting ein kan kjøpe på bui. Ikkje minst er det viktig å informere om at aktivitet i kvarldagen betyr mykje for helsa til den enkelte.

Er du utrygg?

Me merkar ofte at personar tek seint kontakt med oss. Dei har gjerne følt seg utrygge eit tid og dermed gjort mindre og blitt sittande i stolen. Det skjer både



Ergoterapeut Bjørn Ove Nytun Leirdal rettleiar dei som tek imot hjelp i Luster heimetenesta.



Ergoterapeut Kari Ødegård hjelper brukarar som ikkje har kontakt med heimetenestene. Det vil seia sjukeheimstenesta og andre heimebuande med behov for hjelphemiddel og liknande tilrettelegging i heimen.

bevisst og ubevisst, fordi det medfører mindre risiko for fall og skade om ein sit i ro i stolen enn når ein er ute og bevegar seg. Problemet er at dette fører til at musklar og balanse blir därlegare og ein aukar difor faren for fall når ein skal opp og ut frå stolen.

Enkle hjelphemiddel

Det finst mange gode ting ein får kjøpt på bui som kan brukast til å trygge heimen. Frå enkle brikker ein kan feste på nøklar kopla mot ein sentral som gjer det lettare å finne dei att dersom ein legg dei ein «lur» plass, til enklare fjernkontrollar til TV'en eller ei lita lampe ved senga som tenner seg og lyser veg dersom det er mørkt og den oppdagar bevegelse.

Sklisikker tape i dusjen eller ein telefon med større tastar. Det er mange ulike produkt å få kjøpt

som gjer kvardagen enklare og tryggare. Om du treng råd, spør gjerne Kari eller Bjørn Ove om råd.

Enkel møblering i heimen

Eit godt råd kan vere at du fjernar tepper og møblerer fornuftig. I enkelte heimar er det så mykje møblar at det blir vanskeleg å få god nok gangflate. Sjå etter og tenk over korleis du har det i din heim.

Velferdsteknologi

Eit anna ord som er i vinden for tida er velferdsteknologi. Det blir brukt i fleire samanhengar, men i denne samanhengen er det i forhold til utstyr som kan vere med å trygge og/eller muliggjere meistring. Den største endringa som skjer på denne fronten kjem



Telefon med store tastar er praktisk og lett å bruke



Enklare fjernkontroll til TV'en som du kan kjøpe i dei fleste elektrobutikkar.



Gripetang til å løfte opp ting frå golvet.
Enkel å bruke



Tryggleksalarm. Dette er ei teneste du søker på gjennom Luster heimeteneste. Ta kontakt med kommunen eller søk på skjema omsorgstenester på www.luster.kommune.no



Lys som sler seg automatisk på når du bevegar deg i eit mørkt rom.
Kan dette vere eit gåvetips til nokon du vil glede?

i forhold til sløkkinga av det analoge telefonnettet og overgangen til digitale tryggleksalarmer. Dei nye alarmane vil også ha mykje betre mogleger for å kople på sensorar, som kan automatisk varsle dersom noko skulle skje. Eit døme på dette er at ein kan ha sengevakt, den vil gi beskjed dersom ein har stått opp og vore vekke frå senga i meir enn 30 minutt. Dette vil gi ein større tryggleik for den som

bur heime. Sjølv om ein står opp og har gløymt alarmen, vil alaramen sjølv løyse seg ut dersom ein ikkje returnerer til senga.

Heimebesøk

Luster kommune har også ei ordning med heimebesøk til alle 80-åringar. Då kjem fysioterapeut eller ergoterapeut på besøk. Det er frivillig å ta imot tenesta, men det vert anbefalt. I tillegg til eigenvurdering av

helse og bustad, vil fysio/ ergo kunne gå gjennom heile huset og gi anbefalingar på løysingar som kan gjøre kvardagen lettare og tryggare. Dette vil gjøre at ein kan utbetre ting i huset slik at det er tryggare og enklare.



Fra samlinga 27. oktober.

Dagtilbod for eldre

Luster kommune har fått midlar frå Helsedirektoratet for å starte opp «Dagtilbod for eldre». Dagtilboden er gratis og retta mot heimebuande. Målet er å skapa aktivitet, sosialt fellesskap og møteplassar.

22. september starta vi opp i «Nesbygget» i Gaupne. Oppslutninga var så stor at vi måtte finna nye lokale, og vi har no flytta over til det gamle skulehuset på Nes, «Fredheim».

Vi samlast kvar tysdag kl. 10.00 – 14.00, og tek sikte på å halda fram til 15. desember. Vi inviterer ulike aktørar som kan underhalda, spela, syngja eller informera om aktuelle tema.

Det blir servert kaffi og eit varmt måltid, og det er tid til prat og sosialt samvær. Kommunen ordnar skyss for dei som treng det.

Olaug Høyheim er engasjert som ansvarleg, og har med seg nokre friviljuge medhjelparar.

*Velkommen til å vera med !
Påmelding kvar måndag innan kl.14.00 til Tenestekontoret, tlf. 57685716.*

Om det framleis er interesse og midlar, satsar vi på at dette tilboden kan halda fram også i 2016.



Bjørn Skovly fortel om prosjektet sitt i Uganda..



Johannes Harberg (t.v.) og Torodd Joranger underheld



Frå eldredagen 2015.

Eldredagen 2015


Eldrerådet i Luster markerte eldredagen 1. oktober. Interessa for å delta var overveldande, og til Lustranytt kunne leiaren, Johannes Lad, opplysa at det faktisk var venteliste. Men når arrangementet starta, var alle plasserte rundt borda til kafeen på Pyramiden. Programmet var i år både song og musikk med

Indre Hafslo spelemannslag, og kåseri av Johs. B. Thue. Sistnemnde tok føre seg mattradisjonar i Luster og Sogn, og framheva dei mange variantane av både namn og ingrediensar.

Litt humoristisk vart det då han også tok fram dialektvariantane på fleskasaus, fleskajeving og fantemunke. At fisk stod sentralt på menyen i mange hushaldningar tidlegare har me forstått ut

i frå den solide helsa mange har hatt. Men at fiskekslaget lir var så populært, var nytt for mange. Derimot skilde «bederv» sild seg ut i den andre enden, og det kunne dei fleste nikka samtydde til.

Song og musikk er alltid like populært. Med solid oppspel og leiing gjekk allsongen som på ei vellukka korøving.



Johs. B. Thue heldt kåseri om mattradisjonar



Johannes Harberg (t.v.) og Arne Nesheim frå spelmannslaget leiar allsongen

Transporttilbod 2016

Kommunane får kvart år midlar frå fylkeskommunen til serviceskyss (SS) og transportteneste for funksjonshemma (TT). Tilboda er først og fremst retta mot eldre og/eller funksjonshemma, men Serviceskyssen kan nyttast av alle som treng transport og vanskeleg kan bruaka buss. Brukarar av TT treng ei godkjenning, medan SS er eit tilbod til alle som treng skyss.

Service-skyss

Tilboden vert organisert slik: Det er inga form for godkjenning for å nyttja tilboden. På faste dagar og til fast tid vert det sett opp drosje i rute i ulike delar av kommunen. Alle passasjerar som ønskjer å nyttja Service-skyssen må bestilla hjå

Taxi-service 57 68 16 20 eller hjå Elvekrok 959 56 001 innan kl. 18 dagen før turen.

Dei som treng å verta henta på tunet avtalar dette ved bestilling. Rutene vil sjølv sagt gå i retur seinare på dagen.

Eigenbetaling kr 25 kvar veg. OBS Rutene vert ikkje køyrde dersom ingen bestiller skyss.

OBS

Du kan bruaka ruta i motsett retning av det som er sett opp, t.d. følgja frå Gaupne til Luster om du har ærend dit, eller følgja ruta berre ein veg og nyttja annan transport attende.

Ruteoppsett

Annakvar eller kvar fjerde veke går rutene til bygdesentrum, der ein finn butikk, post, kafé og liknande. Kvar eller annakvar månad vil rutene gå til Gaupne

frå alle delar av kommunen. Det er sett opp nokre datoar som avvik frå vanlege rutedagar, fordi rute-dagen fell på høgtidsdagar.

Alle tidspunkt er cirka-tider, fordi ein ikkje veit kor mange som er passasjerar frå gong til gong, og kvar dei skal hentast. Eventuelle justeringar av rutetider vil drosjen informera om.

Sørsida + Fortun + Skjolden

Ruta hentar passasjerar i alle delar av området ved behov. Ruta startar på Skjolden ca. kl. 10.30 første torsdag i månaden:

Samband vidare til Gaupne annakvar månad.

Skjolden–Gaupne følgjande torsdagar: 7.1, 3.3, 12.5, 7.7, 1.9, 3.11, 15.12
Frå Skjolden ca. kl. 12.30, retur frå Gaupne ca. kl. 15.30



Nøgde brukarar av service-skyssen. Sofia Leirdal (t.v.) og Ingrid Røneid. I midten drosjesjåfør Jan Erik Fuglesteg.

Nes + Luster

Første og tredje tysdag i månaden frå Nes ca. kl. 13 retur ca. kl. 15.30
Lustrabygdi rundt første og tredje tysdag i månaden ca. kl. 13.30, retur ca. kl. 15.30

Til Gaupne:

sjå ruta Skjolden – Gaupne.

Gaupne

Annakvar måndag: Start frå Pyramiden ca. kl. 13, retur frå Pyramiden ca. kl. 16.
Ruta vil variera etter kvar passasjerane bur.

Jostedal

Lokal rute andre tysdag i månaden.
Frå Gjerde ca. kl. 10.30, retur ca. kl. 12.30.

Med samband til Gaupne

Jostedal–Gaupne annakvar månad følgjande tysdagar:
12.1, 23.2, 12.4, 31.5, 26.7, 27.9, 29.11.

Frå Jostedal ca. kl. 11.30, retur frå Gaupne ca. kl. 13.30.

Indre Hafslo

Andre og fjerde onsdag i månaden.
Frå Falkgjerdet ca. kl. 13.00, retur frå Gaupne ca. kl. 16.00.
Mollandsmarki kan også bestilla på denne ruta.

–Hafslo

Andre og fjerde fredag i månaden.
Frå Solvorn til Hafslo ca. kl. 9.30, retur ca. kl. 13.30 (ev. tidlegare, etter avtale).

Til Gaupne saman med Veitastrond, sjå ruta Hafslo–Gaupne.

Hafslo

Andre og fjerde fredag i månaden.
Hafslo rundt frå Buene ca. kl. 9.30, retur frå Buene ca. kl. 12.30.

Hafslo–Gaupne annakvar

månad saman med Veitastrond
Frå Hafslo ca. 10.30, retur frå Gaupne ca. 13.30.
Følgjande tysdagar: 26.1, 23.2, 26.4, 28.6, 30.8, 25.10, 20.12.

Veitastrond–Hafslo

Fjerde tysdag i månaden.
Ruta startar frå Veitastrond ca. kl. 10, retur frå Hafslo ca. kl. 12.

Til Gaupne: Sjå ruta Hafslo–Gaupne. Frå Veitastrond ca. kl. 10, retur frå Gaupne ca. kl. 13.30, ev. buss frå Hafslo til Veitastrond.

GOD TUR!

TT-transport for funksjonshemma

Tilbodet skal vera ein inspirasjon til «å koma seg utom døra», men det er på ingen måte meint å dekka heile transportbehovet til brukaren.

Brukbarar av dette tilbodet må ha ei godkjenning.

Grunnlaget for godkjenninga er funksjonshemming i høve til transport/utandørs forflytting over litt større avstandar.

Det vert ingen endringar i dette tilbodet.

Ved nyttår vert midlane fordelt mellom brukarar og lagt inn i brukarkortet elektronisk. Dersom kommunen får tildelt ekstraløyvingar, vert desse fordelt omkring midtsommar, og lagt inn i brukarkortet på same måte. Når du trekker kortet hjå drosjene vil du merka at summen i kortet har auka.

Søknad om å verta godkjend som brukar av transporttenesta kan sendast inn heile året. Søknadane vert handsama kvartalvis.

Søknadsskjema og nærmere informasjon kan ein få ved å venda seg til servicetorget på rådhuset tlf. 57 68 55 00 eller ergoterapitenesta på helsecenteret tlf. 56 68 56 21.

Kompetanseheving og erfaringsutveksling

Ambulant team og konsulent for menneske med nedsett funksjonsevne var i september på besøk hjå burettleiingstenesta i Malvik kommune. Malvik kommune har hatt positiv utvikling, og gode resultat med tanke på kvardagsmeistring hjå menneske med utviklingshemming, samt tenestemottakarar i ordinær heimeteneeste som har hatt tradisjonell «adl-trening» (trening for å meistre aktivitetar i daglelivet) ytt av heimesjukepleien.

Frå pleiekultur til meistringskultur

Malvik kommune har endra holdningar frå pleiekultur til *meistringskultur* der brukaren er i sentrum og har høg grad av sjølvbestemmelse. Fokuset vert flytta frå diagnose og hjelpebehov til den enkelte sine ressursar. Gjennom intensiv jobbing, og god kartlegging, ser ein at moglegheita for framgang er stor, og brukaren sine ressursar blir ivaretakne. Kartlegginga skjer saman med brukaren, og dei nyttar eit individualisert kartleggingsverktøy, COPM (Canadian Occupational Performance Measure). Brukaren er også med på evalueringa av tenesteytinga.

Burettleiingstenesta i Malvik



Frå venstre: Anne Lise Reiten, vernepleiar, Aud Jorunn Høyheim, konsulent for menneske med nedsett funksjonshemmning, Anne Grete Fredheim, førskulelærar, Karoline Paulsen, vernepleiar, Randi Svidal, sosionom, og Marte Hov koordinator/vernepleiar.

omfattar tenester til personar med omfattande hjelpebehov. Tenesta har rundt 30 årsverk, og dei fleste er miljøterapeutar og fagarbeidrar.

Personalelet i Ambulant team har hatt stort utbytte av turen. Me ser at det å arbeida intensivt og målretta med korte- og langsiktige målsettingar med tett tverrfagleg samarbeid, er ein god måte å jobba på. Inntrykket me sit att med etter turen til Malvik er at brukaren blir langt meir sjølvhjelpen, opplever meistring og får ein betre livskvalitet med denne arbeidsmetoden.

Elles var turen prega av god sosial aktivitet. Me var saman i tre døgn og vart endå betre kjent med kvarandre. Som team fekk me vera saman og drøfte korleis me kan nyttiggjere oss denne lærdomen for å kunne gjera eit godt fagleg arbeid i eigen kommune. Ambulant team har høg tverrfagleg kompetanse som i dag består av vernepleiarar, førskulelærar og barnevernspedagog. Alle med erfaring frå arbeid med utviklingshemma. Me håpar å kunne bidra til at innbyggjarane som treng oss får god nytte av denne kompetansen framover.

Turen vart avslutta med at me som fagpersonar tenkjer gjennom vår rolle med dette til ettertanke: «*Ofte kan me som omsorgspersonar vere den største utviklingshemmaren for den utviklingshemma!*» Me er takksame for den fagkunnskapen Malvik kommune tilførde oss, og for gjestfriheita me opplevde.

Hjarteleg takk



Hjarteleg takk for minnegåva
me fekk i høve
Eilev Mørkrid
si gravferd.

Helsing
Luster sjukeheimsteneste avd.
Luster
Liv Hunshamar
Avdelingssjukepleiar

Lustrabygdi har fått statlege midlar til utbygging av breiband


Vinteren/våren 2015 vart det gjennomført ein prosess der kommunane i Sogn og Fjordane gjekk saman om å søkje det statlege organet Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) om midlar til utbygging av breiband.

Sogn og Fjordane sin søknad vart prioritert, og 15 av kommunane i Sogn og Fjordane har no fått tilsagn om støtte. Luster kommune er ein av desse og fekk 1.4 mill kroner. Luster kommune har prioritert breibandutbygging i Lustrabygdi. Sjå kart. Grunnen til at kartet ikkje har med området tett ved sentralen til Telenor i Luster, er at der er det alt tilbod om 30 mbit.

I brevet frå Nkom heiter det mellom anna:

Bredbåndsstøtteordningen skal bidra til at alle brukere i Norge får tilgang til grunnleggende bredbånd av god kvalitet, og/eller til å øke tilbudet av høyhastighetsbredbånd i spredtbygde områder. Den offentlige støtten skal finansiere bredbåndsutbygging i områder hvor de kommersielle aktørene ikke finner det lønnsomt å bygge bredbånd.

Framover no vil det bli utarbeidd anbodsgrunnlag og prosjektet vil bli lyst ut til aktuelle utbyggjarar. Luster kommune vil måtte ta ein del av finansieringa og innbyggjarane sjølve gjennom tilknytingsavgifter. Eventuelle spørsmål kan stillast til Olav Grov eller Johannes Øygarden i Luster kommune.



Atløy sette prikken over i-en for nok ein vellukka Stranditjardag

Atløy gjorde ein rundtur med interesserte passasjerar frå Solvorn, via Kinserdal og Ornes og attende til Solvorn. Guidinga om bord av Leif Hamaren og Per Jørgen Loen gjorde turen til ei oppleving for dei mange passasjerane som etter ein travel dag på land vart sjøreisande for eit par timer...



Kjell Corneliusen frå Luster (t.h.) er attende på «brua» på den same Atløy som han var skippar på i 1946. Her saman med med skipparen av i år, Leif Kvalvik i midten og Hallstein Ese, betre kjend som «Stavenes-entusiasten» t.v.





NAV Luster informerer:

Sjukmelder skal i arbeidsrelatert aktivitet

Fra 1. oktober 2015 vil flere NAV-kontor strengare handheve og oppretthalde kravet om at sjukmelder skal prøve seg i arbeidsrelatert aktivitet innan 8 veker etter sjukemelding.

Kravet om arbeidsrelatert aktivitet for sjukmelder er ikkje noko nytt, men har ikkje vore praktisert fullt ut før no. Aktivitetskravet for sjukmelder er heimla i gjeldande lovverk sidan 2004, men det er no snakk om eit skjerpa oppfølgingskrav til aktivitetskravet i Folketrygdløva. Alle NAV-kontor skal no meir systematisk vurdere arbeidsmoglegheitene til tross for helseutfordringar for personar som er 100 % sjukmelder.

Kva inneber eigentleg aktivitetsskravet?

Arbeidsgjevar er pliktig til å sjå moglegeheitene for tilrettelegging på arbeidsplassen for den sjukmelder. Dersom tilrettelegging og tilpassing likevel ikkje let seg gjere, skal arbeidsgjevar fylle ut eit skjema til NAV med grunngjevnad for dette. Legane si oppgåve er å vurdere den sjukmelder sine aktivitetsmoglegheitene, først og fremst på den sjukmelder sin arbeidsplass, men òg mot anna arbeid der dette er hensiktsmessig. Tungtvegande medisinske grunnar må ligge til grunn dersom NAV skal godta ei 100 % sjukemelding utover 8 veker. I følgje Norges Helseorganisasjon må aktivitetsfråveret skuldast alvorleg sjukdom, dersom ein etter desse 8 vekene fortsatt skal kunne få full utbetaling av sjukepengar. NAV si

oppgåve er å hjelpe den sjukmelder, arbeidsgjevar og lege med rettleiring om verkemiddel og tilrettelegging for den sjukmelder. NAV-Luster vil mellom anna sende innkalling til sjukmelder med tilbod om generell informasjon i gruppe. Sjukmelder har elles høve til å be om samtale med rådgjevar.

«Oppfølgingsplan» - auka krav til arbeidsgjevaren

Aktivitetskravet gjer at du som arbeidsgjevar saman med arbeidstakar må fylle ut ein oppfølgingsplan innan 4 veker for korleis sjukmelder raskast mogleg kan komme tilbake til arbeid. Oppfølgingsplanen og tilretteleggingsplikta er lovpålagt i Arbeidsmiljølova, og skal innehalde ei vurdering av arbeidstilrettelegging, samt vurdering av arbeidsevne. Planen skal fungere som eit verktøy for å sikre dialog mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar ved sjukemelding. Målet med oppfølgingsplanen er å hjelpe arbeidstakar og arbeidsgjevar i å vurdere tiltak og moglegeheitene for å komme tilbake i arbeid i høve sjukdom, slitasje og/eller liknande, formidle viktig informasjon til sjukmelder, - NAV og andre støttespelarar. Vidare skal oppfølgingsplanen formidle eventuelle behov for ekstern bistand frå myndighetene, samt ein plan for vidare oppfølging av den sjukmelder. Oppfølgingsplanen kan lastast ned frå NAV sine nettsider, og skal fyllast ut saman med arbeidstakar seinast innan 4 veker. NAV skal ha tilgang til planen dersom denne vert etterspurd, til dømes i høve dialogmøte.

Praksisendringa vil krevja betra samarbeid

Arbeidstakar, arbeidsgjevar og fastlege skal finne løysingar for arbeidsaktivitet saman, og bør så tidleg som mogleg komme i dialog for vurdering av arbeidsevne og tilrettelegging av arbeidsaktivitet. Kontaktene med arbeidsplass og kollegaene er ofte avgjerande for om personar som har vore sjukmelder over lengre periodar kjem attende i jobb. Det viser seg òg at arbeid og god kontakt med arbeidsgjevar i mange tilfelle kan bidra til at sjukmelder raskare vert friske frå ein del type lidingar.

Dette er endringane i den nye praksisen:

1. Undersøkje arbeidsmoglegheitene til tross for helseutfordringar: Sjukmelder vil etter 4 veker motta brev med krav om aktivitet, og må gå i dialog med arbeidsgjevar om tilrettelegging. Brevet informerer om at utbetalinga av sjukepengar vil stoppast etter 8 vekers sjukmelding, dersom vilkåret for unntak frå aktivitetsplikta ikkje er oppfylt.
2. Brev om førebels stans av sjukepengar: Innan 8 veker skal den sjukmelder vere i aktivitet, anten heilt eller delvis. Dersom ein ikkje er i arbeidsrelatert aktivitet innan denne fristen, vil sjukmelder få brev om midlertidig stopp i sjukepengar.
3. Stopp i utbetaling av sjukepengar: Fråvær frå aktivitet innan 8 veker vil i neste omgang føre til stopp i utbetaling av

sjukepengar. Unntak kan gjerast dersom det er tungtvegande medisinske årsaker til at ein person ikkje kan vere i arbeid. Legen vurderer og dokumenterer dette når det er aktuelt.

4. Utbetalning av sjukepeng fortset: Ved oppnådd aktivitet innan 12 veker, startar utbetalingsa av sjukepengar att. Her vil den sjukmelde få betalt sjukepengar frå stoggdato, dersom aktivitet-skrapet er oppfylt.

Det overordna målet med aktivitetskrav skal komme den sjukmelde til gode

Det overordna målet med denne praksisendringa er å hindre fleire i å falle utanfor arbeidslivet etter lengre sjukmeldingsperiodar, slik at den sjukmelde raskast mogleg kjem tilbake til arbeidslivet og godene som føl med dette. Reaksjonen på praksisendringa der ho har vorte innført, har jamt over vore positiv. Det viser seg at tilrettelegging av arbeidsoppgåver, i større eller mindre grad, som oftast alltid let seg gjere. I stor grad er det gruppa med lettare psykiske lidingar og muskel og- skjelettplager som vil få stogga sjukepengane sine dersom dei ikkje er i aktivitet innan 8 veker. Dette er ei stor og ikkje minst veksande gruppe.

Det er viktig å presisere at det nødvendigvis ikkje er snakk om at sjukmelde skal 100 % tilbake i jobb, men minimum ei gradert sjukmeldung. Sjukmelde, arbeidsgjevar og lege har ei tilretteleggingsplikt som skal hjelpe til at den sjukmelde raskast mogleg kan komme tilbake i arbeid. Statistikken viser at dess lengre 100% sjukmeldingsperioden er, dess større er risikoen for at ein ikkje kjem attende til arbeidslivet. Tilknytinga til eigen arbeidsplass er i dei fleste tilfelle uhyre viktig for den sjukmelde.

MØTEPLASSEN

INTERNASJONAL MØTEPLASS

Senter for mottak og distribusjon
av klede og utstyr

DUGNADSSENTER

Frivilligsentralen etablerer senter for mottak av klede og bruksting som folk vil gje til flyktningar frå Syria og andre stader. Vi har fått leige SION-bygget i Øyagata i Gaupne til dette føremålet.

«MØTEPLASSEN» er open for mottak og dugnadsinnsats 2 gonger i veka (førebels):

TYSDAG	KL 16 - 18
TORSDAY	KL 12 - 14

Du er hjarteleg velkommen til å levere inn det du har. Passar ikkje desse tidspunktia, kan vi avtale ei anna ordning. Vi kan også hjelpe til med henting, dersom dette er naudsynt.

- * Vi treng frivillige som kan tenkje seg å gjøre ein liten innsats i dette prosjektet!
- * Vi skal sjekke det vi får inn, sortere og gjøre alt klart til utlevering.
- * Vi treng nokon som kan hjelpe oss med sjekk av syklar og anna teknisk utstyr.
- * Vi håper at frivillige vil vere med på å lage ein sosial møteplass: prate med folk, ordne med kaffi og vaflar osb.

Er dette noko for deg, er det fint om du kontaktar frivilligsentralen eller dagleg leiar Johannes Sameien på e-postadr. post@luster.frivilligsentral.no / mobil tlf. 92 03 88 89.

Vil du være flyktningkontakt? Det inneber at du får høve til å vere ein kontaktperson for ein familie eller einsleg flyktning som er ny i kommunen. Du formidlar informasjon, og tek vedkomande med på ymse aktivitetar i ein avgrensa periode.

Leksehjelp / norsktrening for flyktningar driv vi også med. Bli med hvis dette passer for deg!

Nye lustringar kan også bli gode lustringar!

Møte mellom menneske

Luster frivilligsentral

Leksehjelp til flyktningar

Flyktningane som er busett i Luster går på skule og skal lære mykje. Dei er ivrige og motiverte og hadde sett stor pris på meire hjelp til leksearbeid.

Leksehjelp er for tida på NAV Luster på dagtid måndagar og fredagar. Etter kvart vil vi også organisere det på kveldstid. Det er fleire lustringar som allereie er med, men vi skulle gjerne hatt fleire leksehjelparar.

Difor:

Om du kan tenkje deg å bruke ein times tid til å hjelpe med lekser, kan du ta kontakt med Servicetorget, Rådhuset 57 68 55 00.

Flyktingtenesta

Flyktingtenesta i Luster kommune er organisert til NAV Luster. Leiar Hanne Bisgaard er ansvarleg for tenesta, medan Evelyn Bukve Gunnestad er tilsett i prosjektstilling til sommaren 2016 som fagleiar. I skrivande stund vert det jobba med tilsetjing av flyktingkonsulent i 100% fast stilling og miljøarbeidar 50% engasjement. Me ser fram til å få auka ressursar inn i tenesta for stadig å møte nye utfordringar og gje eit betre tilbod til den enkelte flykting og andre samarbeidspartar.

I januar i år var det registrert 297 innvandrarar til Luster kommune, som fordeler seg mellom arbeidsinnvandrarar, flyktningar og familiegjenforeiningar. 234 av desse er komne frå Europa, 41 frå Afrika, 15 frå Asia med Tyrkia og 7 frå Nord-Amerika.

Gjennom året har Luster kommune tatt i mot fleire flyktningar, og i Luster er det frå 2010 til 2015 busett totalt 47 flyktningar. Målet er at ytterlegare 10 flyktningar skal bli busette i Luster kommune innan utgangen av 2015, i tillegg til enno 15 stk til i 2016.

Bustad

Tilgang på bustadar er normalt den største utfordringa ved busetjing av flyktningar. For å imøtekome vedtak om busetjing



Hanne Bisgaard er leiar for flyktingtenesta



Evelyn Bukve Gunnestad er tilsett i prosjektstilling som fagleiar.

har Luster kommune etablert bufellesskap, då det i hovudsak er einslege menneske som kjem til kommunen. Bustadene vert innreia med svært enkel standard med det aller mest naudsynte av inventar. Flyktningane som no bur i Luster er utan unntak busette i Gaupne. Dette grunna nærleik til offentlege kontor, helsetenester og sist, men ikkje minst, kollektivtilbod til Sogndal for naudsynt skulegang. Vidare utover vinteren vil også fleire flyktningar bli busett på Hafslo.

Introduksjonsprogram i 2 år
Alle flyktningane deltek i introduksjonsprogrammet som skal vere eit program på fulltid. Hovudsakleg består program-

met av 3 dagar skulegang i veka med opplæring i norsk og samfunnsfag, 1 dag språkpraksis i bedrift og 1 dag leksehjelp, informasjon, møte, fysisk aktivitet m.m. Luster kommune har inngått avtale med Sogndal kommune om opplæring i norsk- og samfunnsfag, difor er flyktningane i hovudsak i Sogndal på skule minst 3 dagar i veka. Leksehjelp og språkpraksis vert gjeve i Luster kommune.

Aktivitet	Tal
Barnehagebarn	5
Grunnskule for barn	9
Norskopplæring i Sogndal	12
Grunnskule for vaksne	3
Innføringsklasse	
vidaregående skule	4
Vidaregående skule	3
Lærling	1
Ordinært arbeid	3
Tiltak NAV	1
Anna norskopplæring	4
Permisjon	2

Utdanning og arbeid

For å lukkast med integreringssarbeidet i Luster, er det viktig å legge til rette for at den enkelte flykting kan opparbeide seg

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	<i>Sum</i>
Ordinær busetjing	9	4	5	11	11	15	55
Familie-sameining		3	1	3		1	8
Fødde			1	2		1	4
Sum	9	8	8	14	12	12	67
Flytta				4	3	8	20
Flyktningar 01.11.15							47



gode norskkunnskapar. Språk er utan tvil nøkkelen til utdanning og arbeid. På denne måten kan den enkelte bli økonomisk sjølvforsynt og delta i yrkes- og samfunnslivet i kommunen. Luster kommune er godt i gang med arbeidsretta opplæring på dagtid for på sikt å hjelpe flyktningane ut i arbeidslivet.

Vil du vere frivillig?

I samtale med flyktningane kjem det fram at dei – som oss andre lusteringar – har behov for ei fritid som kan gje mening og motivasjon til ytterlegare språkopplæring og integrering. Så gode lusteringar; i kommunen er det no busett mange menneske som har behov for auka norstkrening og for fritidsaktivitetar. Kanskje kunne du ha delteke på enklare leksehjelp måndagar eller fredagar på NAV Luster? Eller kanskje du ein gong kan ta med deg ein ekstra person på volleyballtrenings, korøving, strikkecafé eller opp Engjadalsvegen? Me håpar at me høyrer frå dykk som kan tenkje dykk å bidra inn i flyktningarbeidet i Luster. Både flyktningane og me er svært takksame for alle bidrag og idear!

Flykningane hadde ein flott tur til Urnes i sommar. Her ved Urnes stavkyrkje

Besök på
hjorte-
farmen.



Då bussen fekk motorstopp, var det mange som ville hjelpe til å løyse problemet.



Nytt frå ATS




Eva sorterer moppar som skal leverast til lokale bedrifter.

Vaskeriet tek imot svært ulike ting til vask: Dukar, gardiner, arbeidstøy, moppar, teppe osv. Har du dyner, dunjakkar, overmadrass, teppe eller andre ting du treng stor vaskemaskin og stor tørketrommel for å få eit godt resultat til, kan du gjerne ta turen innom på vaskeriet ved ATS.

*

Ved-sesongen er i godt gjenge, og ATS har allereie køyrt ut fleire tusen vedsekker til kundar i Luster, Sogndal og Leikanger. Lagera er ikkje tomme, så enno er det høve til å få kjøpe ved for den som ikkje allereie har sikra seg nok til årets forbruk.



Halvard Johan i arbeid med digitalisering.

Tilbodet om digitalisering av ulike typar bilet og dokument har vore tilgjengeleg ved ATS ei tid. Dei tek til å få god erfaring med ulike former for reparasjon av dårlige bilet, og har relativt stor kapasitet på rein skanning. Har du album, konvoluttar, skoøskje eller skuffer med bilet kan oppmodinga vera å få dei digitaliserte ved ATS. Bilet vert berre meir verdifulle etter kvart som tida går, og på denne måten kan du få teke vare på og delt bilet som elles berre vert liggjande. Særleg verdifulle og/eller gamle bilet er også fylkesarkivet interessert i, og ATS kan syta for at slike bilet vert sende dit.

Fredag 6. november vart på nytt presentasjonen «Wittgenstein og eg» synt fram, denne gongen for Alna bydel i Oslo. Førestillinga tek utgangspunkt i John sitt liv, frå oppvekst i Solvorn, via institusjonar i Bergen og Balestrand attende til eit godt vaksenliv i Luster.

John, Roland og Odd Atle planlegg også å setja opp att førestillinga ein stad i Indre Sogn innan sommaren 2016. Førestillinga vert open for alle, og er eit godt høve til å skaffa seg nokre nye og overraskande perspektiv på livet. Når me brukar Ludvig Wittgenstein sine ord og uttrykk på John sine opplevingar og eigne perspektiv, vert gamle «sanningar» utfordra og ny forståing skapt.



Forsamlinga følgde nøyne med under den halvanna times lange førestillinga. John, Roland og Odd Atle formidlar forteljinga om John sitt liv, med sideblikk frå Wittgenstein sine filosofiske uttrykk, på ein gripande måte.



Lustramarknaden 2016

Erfaringane med å arrangere Lustramarknaden har vist oss at det er både vilje og interesse for å vera med å skapa ei skikkeleg kulturveke i juni. I 2016 vert denne veka frå den 4. – 12. juni. Den store marknadsdagen i Gaupne vert laurdag den 11. juni.

Arbeidet med å få på plass Kulturveka i 2016 er starta og marknadskomiteen skal ha ein plan ferdig til utgangen av februar.

Lokale arrangørar og andre som kan tenkja seg å vera med i programplanen melder seg til Erling Bjørnetun, tlf.: 57 68 55 21 eller: erling.bjornetun@luster.kommune.no.



Gravstell

ATS tilbyr stell av graver på kyrkjegardar i Luster. Ansvarleg for grava kan sjølv ta kontakt med ATS for å gjera avtale. Nedanfor ser du eksempel på ei av «gravstell-pakkene» ATS tilbyr sine kundar :

Gravstell pakke 1:

Start om våren

- Rydda og ta bort gammal jord.
- Leggja i ny jord og planta.
- Døme på blomster som vert nytta er: (sjå bilet)

- Sommarblomster vert planta når fare for nattefrost er over.
- Luking og vatning ved behov resten av sommaren.
- Haust: Rydda bort sommarblomster, plantar ein lyng.

1. – 30. mai plantar ein stemor.

20. mai – 5. juni sommar- og kantblomster.

Ca 1. september plantar ein lyng.

Det kan gjerast avtale om at ein vil planta ut sjølv, og ATS utfører luking og vatning.

Det er høve til å få utført andre tenester etter ønskje, som t.d. til jul, påske, fødselsdagar, t.d. plassering av liljer, krans, lys eller liknande.

Nytt kulturreglement

Luster kommunestyre har vedteke nytt tilskotsreglement for tilskot til kulturføremål frå 2016. I det nye reglementet (2016 – 19) er kravet til medlemskontingent, gjeldande frå og med 2017, auka til kr 200. Tilsvarande krav til familiekontingent vert kr 600. Sidan medlemskontingent er noko som vert fastsett av dei enkelte organisasjonar sine årsmøte med verknad for året etter, er det naturleg å fase det inn f.o.m. 2017.

Nytt pkt. 3: Tilskot til spesielle tiltak. Søkaren må her gi ei presisering av «det spesielle» sidan grunnstønaden er den reelle økonomiske stønaden til den «ordinære» aktiviteten.

For dei som vil studere reglementet nærmare, kan dette hentast ut frå Luster kommune si heimeside. Spørsmål kan også rettast til servicerøret.

Hugs at alle faste tilskotsordningar har søknadsfrist 1. mars.

Tilskot til spesielle tiltak kan søkast på heile året.



Gunn Marit Sæbø Meyer fortel og les frå «Ved kanten av stupet» på Luster ungdomsskule. Boka er ei biografisk fortelling om Gunn Marit si mor og søstrene, som alle blei ramma av tuberkulose i slutten av 1930-åra. To av jentene blei sende til Lyster sanatorium, berre ei av tre søstre overlevde sjukdomen.

Lokalhistorie med utsikt til verda:

Litteratur- og filmformidling for ungdomsskuleelevar

Målet med dette prosjektet er å styrke biblioteket som formidlingsarena og gjere ungdom kjent med lokal historie, med liner til globale utfordringar og tematikk i samtidslitteraturen. Prosjektet er støtta av midlar frå Fritt Ord. Opplegget er i samarbeid med MerFilm i Vest for visning av filmen «Sanatoriet - Fortellinger». Med utgangspunkt i filmen «Sanatoriet», om Lyster sanatorium / Harastølen, blei tuberkulose, psykiske lidingar

og menneske på flukt tema for litteraturval, forfattarbesøk, lesing, og skriving av bokmeldingar i haust. Filmen skildrar huset sine epokar, frå tuberkulosesanatorium, psykiatrisk sjukehus til flyktningmottak, i tidsrommet 1902 – 1999. Det blei laga ei tematisk utstilling med særleg vekt på tida då bygningen husa hundrevis av tuberkuløse pasientar frå heile vestlandet. Utstillingar blei sett opp på biblioteket på Hafslo og i Gaupne.



Elevar i 9.klasse studerer utstillinga i oppevkstbiblioteket Hafslo



Litteraturval i oppvekstbiblioteket Hafslo. Elevane kunne velje bok innanfor aktuelle tema i prosjektet. Kvar elev avslutta lesinga med å skrive bokmeldi



Utsnitt av utstillinga i biblioteket i Gaupne. Det er hove til å sjå utstillinga fram til midten av januar 2016.

Lesing er stort i Luster

Kvart år er Luster heilt i fylkestoppen når det gjeld utlån av bøker frå folkebiblioteka. Lesing er også eit stort satsingsområde i skule og barnehage, noko som også vert lagt merke til utanfor kommunen. Tidlegare i haust hadde assisterande styrar Anne Kristin Haugen Halveg innlegg på Barnekonferansen om erfaringa med arbeidsmåten dialogisk lesing ved Jostedal oppvekstsenter. Desse erfaringane er også komne på prent i ein flott artikkel i temaheftet «Spire – eit hefte om språkstimulering i barnehagen» utgjeve av Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

Nettverkskoordinator Hilde Selland og oppvekstleiar Knut Åge Teigen saman med fylkesbiblieksjef Siri Ingvaldsen

Nettverkskoordinator Hilde Selland og oppvekstleiar Knut Åge Teigen var på si side invitert til Barnelitterære fagdagar arrangert av Fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane for å fortelja om den kommunale leseplanen i barnehage og skule og satsinga på oppvekstbibliotek, det vil sei kombinerte barnehage- og skulebibliotek.



Nettverkskoordinator Hilde Selland og oppvekstleiar Knut Åge Teigen saman med fylkesbiblieksjef Siri Ingvaldsen

«Mille må vere ei jentehumle, ho har jo perler på horna sine og jentevenge.» «Eg ser at ho er blå, men er ikkje humlene svarte og gule?» Kven er Mille, og kva kan framsida på boka fortelje oss? Dialogen og undringa med barna er i gang. Boka er midtpunktet for samtalet.

I Jostedal lèt me humla flyge – prosjekt med dialogisk lesing i barnehagen

TEKST: Anne Kristin Haugen Halveg, pedagogisk leiar i Jostedal oppvekstsenter avd. barnehage

JOSTEDAL BARNEHAGE i Luster kommune har hatt språkutvikling som hovudlastning for utviklingsarbeidet sitt dei siste to åra. Gjennom ulike tiltak og arbeidsmåtar har dei tilsette i barnehagen arbeidt målretta for at alle barna skal bli glade i å bli lese for. Faste innslag har vore bokutlån i garderoberen, høgitlesing og bruk av dialogisk lesing.

Uventa venskap
I det første prosjektet vårt med dialogisk lesing var utgangspunktet den nynorske bokeloka *Mille humla* av Janne Marit Øye og Anne Angelsund, gjeven ut på Skald forlag. I boka blir me kjende med humla Mille som elskar sommaren. Dag ut og dag inn flyg ho over enga, som er full av fargar, lydar, blomar og dyr. Bratt kjem hausten. Mille trurde at ho er alene i verda, men hegt opp i eit tre ventar edderkleppen Spindella på ho. Dei to blir gode venner, og Mille får hjelp og trøyst. Gjennom forteljinga og bilita møter barna såleis ulike levstilar og kjensler, venskap og varme.

Fokusord og omgrepsslaring
Gjennom heile januar månadt arbeide barnehagen med boka om Mille og Spindella. Prosjektet





Ein nögd gjeng med premiemottakarar: E.v.: Marthea Eide Bukve, som tok imot diplom til Luster oppvekstsenter (skule) for største oppslutnad i lesekampanjen. 65% av elevane var med! Henrik Fuglesteg, Gaupne skule, vann gåvekort kr 300, Ingrid Ørbeck, også Gaupne skule, vann gåvekort kr 500. Det gjævaste gåvekortet, kr 1000, gjekk til Ingrid Johanne Kvalen, Hafslo barne- og ungdomsskule. Heilt til høgre er foreldrepræsentant for Jostedal oppvekstsenter (barnehage), Ellen-Marie Kynningsrud, som mottok diplom og bokpakke kr 2000 for beste deltagning av alle barnehagane. Bak: Ordforar Ivar Kvalen og biblioteksjef Ellen Borch Veum. Linnea Fossen, Hafslo barnehage, var ikkje til stades. Ho vart premiervinnar av bokpakke kr 1000. Det vart i tillegg trekt sju skuleelevar som får kvar si bok: Sigrid Kjørlaug Berfjord, Hans Fredrik Hagelin Moe, Helene Selland, Siri Elise Fossen, Sondre Yttri Eide, Mari Hollås Moen og Kristian Bjørnetun Sandvik. Gratulerer! Foto: Maja Engelke.

Sommarles i skule og barnehage

Lesing er eit breitt satsingsområde i Luster kommune. I oppvekstsentrana blir det etablert oppvekstbibliotek. Frå 15. august starta ein opp med bokutlån i alle barnehagane. Som ledd i lesestrategien innlemma ein også barnehagane i årets lesekampanje «Sommarles 2015». Sommarles er i utgangspunktet meint som eit tiltak for å vedlikehalde leseferdigheita i sommarferien. I

barnehagen er det motivasjonen og gleda rundt forteljinga som er det aller viktigaste.

Jostedal oppvekstsenter skilte seg klart ut med samanlagt størst oppslutnad. 60% av barnehagebarna deltok og 50% av skuleelevene leverte lesekort. Beste skule i kommunen blei skulen i Luster oppvekstkrins. Her deltok heile 65% av eleverne. Det er beste oppslutnad

sidan oppstarten av Sommarles i 2012. Det blei ein kjempekul avslutningsfest for å markere den gode innsatsen, i år med rekordmange deltakarar. Felles premiering for deltagning i Sommarles var ei forestilling med Klovnens Knut. Han hausta så mye applaus hos både vaksne og barn at biblioteket har bestemt å invitere han tilbake, kanskje allereie neste år.



Klovnen Knut. Foto: Maja Engelke



Fv. Odd Atle Stegeggerdet, Jøbs. B. Thue, Kåre Øvregard og Malvin Moen


«Bygdene og folket»

Luster Arbeiderparti gjev ut bok om arbeidarrørsla i Luster i fortid og notid, og slik fortel dei om innhaldet:

Denne boka tek deg med på ei spanande reise frå fortid til notid. Det er ei soge om folket og bygdene i Luster, frå armod og slit i tidlegare tider, til velstand og gode vilkår i våre dagar. Det er historia om Arbeidarrørsla og Arbeidarpartiet, og kva desse har bidrege med i utviklinga av bygdesamfunna i dagens Luster kommune.

Boka startar med ei historisk skildring om framvoksteren av busetnaden i bygdene våre, frå jaktsamfunn via fattigslege husmannskår til småbrukarar og aktive handverkarar i eigne heimar. Frå nyare tid fortel boka om arbeidet med kommunesamanslåinga i 1950-åra og sjølvé samanslåinga i 1963. Kraftutbygginga og kravet om varige arbeidsplassar får brei omtale. Kontroversielle saker mellom dei borgarlege og Arbeiderpartiet, men også interne stridar og kontroversielle personval i partiet, er teke med.

Arbeidarpartiet har spela ei aktiv og viktig rolle i Hafslø, Jostedal og Luster. Også i åra etter samanslåinga har Luster Arbeidarparti hatt aktive og framtidsretta talsmenn i lokalpolitikken og på fylkes- og riksplan. «Bygdene og folket» er difor eit viktig supplement til lokalhistoria i Luster kommune.





Teikna av Ylva Bugge Landro



Teikna av Sunniva Skjeldestad



Teikna av Thea Rønning

Resultat teiknekonkurransen om Regnskogdyr

Kyrkjekontoret gratulerer alle borna i Luster som deltok på teiknekonkurransen om Regnskogen! Juryen er svært nøgd med resultatet og takkar for engasjementet som kan vere med på å ta vare på regnskogen for framtidige generasjonar! Grunna flott engasjement valde kyrkjekontoret å premiere fire i kvar klasse.

1.klassingar: 1. Ylva Bugge Landro/Solvorn Oppvekstsenter.
2.klassingar: 1. Sunniva Skjeldestad – Solvorn Oppvekstsenter.
 2. Charlotte Orrestad – Solvorn Oppvekstsenter; 3. Linnea Hauge Ruud – Solvorn Oppvekstsenter. **3.klassingar:** 1. Susanne P. Haugen – Solvorn Oppvekstsenter. 2. Linnea Langebeck – Skjolden Oppvekstsenter og Einar Urnes – Skjolden Oppvekstsenter.

er. 3. Nora Stai Bolstad – Skjolden Oppvekstsenter. 4. Storm F. Skår – Solvorn Oppvekstsenter.
4.klassingar: 1. Thea Rønning – Skjolden Oppvekstsenter. 2. Malene Kvalsøren – Gaupne skule. 3. Kristina Fardal Svangstu – Gaupne skule. 4. Rozalia Kun – Gaupne skule. **5.klassingar:** 1. Tuva Vilde Veum – Gaupne skule og Eskil Watsend – Gaupne skule. 2. Vegard Tandle Kroken – Gaupne skule. 3. Elisa Walaker Karoliussen – Gaupne skule og Celine F. – Hafslo Barne og Ungdomsskule. 4. plass: Jarand S. Oksnes – Hafslo Barne og Ungdomsskule. **6.klassingar:** 1. Anna Hannesdatter Kvam – Hafslo Barne og Ungdomsskule. 2. Otilia H. Stølen – Hafslo Barne og Ungdomsskule. Kristian Bergum. **7.klassingar:** 1. og 2. Ellisiv Moseng – Indre Hafslo

Oppvekstsenter. 3. Emil Urnes – Indre Hafslo Oppvekstsenter.
8.klassingar: 1. Kolbein Eide Bukve – Luster Ungdomsskule. 2. Idun Schmidt – L.U. 3. Anja Kvalsøren og Tobias Molland – L.U. 4. Martin Hovland Vigdal.

PREMIAR: 1. plass får gavekort på 100 kroner på Luster Bok på Pyramiden. 2. plass får gavekort på 80 kroner på Luster Bok på Pyramiden. 3. plass får gavekort på 60 kroner på Luster Bok på Pyramiden og 4. plass får gavekort på 50 kroner på Luster Bok på Pyramiden.


Juryen: Guro Stokkebø Fossøy, Erling Eide, Bergljot Snøtun med assistanse frå diakon Orsolya Szechey.



Teikna av Susanne P. Haugen



Teikna av Anna Hannesdatter Kvam.



Teikna av Kolbein Eide Bukve

TV-aksjonen: Luster ga mest i fylket

Luster kommune toppa gjevarstatistikken i Sogn og Fjordane og vart nr. 34 av kommunane i landet. Lustringane ga kr 63,86 i snitt. Takk til alle som bidrog til det flotte resultatet!

I Sogn og Fjordane vart det samla inn vel 4,5 millionar til årets TV-aksjon. Det er eit gjennomsnitt på 41,82 per innbyggjar i fylket, og best av fylka i landet.

I alt er det kome inn vel 183 millionar til Regnskogfondet, 35,48 kr pr. innbyggjar på landsbasis.



Teikna av Tuva Vilde Veum




Teikna av Ellisiv Moseng



Julegåve til nokon som «har alt»?

Luster kommune har produsert bygdebøker med kultursoge og gards- og ættesoge for dei ulike kyrkjessoknene i kommunen. Serien tel pr. i dag 10 bind der den første for Fortun sokn no er utseld. Er du ein av dei som enno ikkje har sikra deg dokumentasjonen frå ditt område så ikkje vent med å ta kontakt med servicetorget på rådhuset i Gaupne, tlf. 57685500

For elektronisk tinging gå inn på: www.luster.kommune.no.



Julegåvetips!

Lokalhistorisk årbok for Luster

Til sals hjå:

COOP Nærkjøp Fortun/
Skjolden
Hans Lerum eftf, Luster
Joker Luster
Servicetorget, Rådhuset,
Gaupne
Luster Radio TV servic a/s
på Pyramiden,
Jostedal Hotell
Solvornbui
SPAR Hafslo
Luster Sparebank avd.
Hafslo

Sogelagi i Luster takkar
for velvillig sal. Lokalhis-
torie går ikkje ut på dato!



NYE LUSTRINGAR

Lustranytt har stilt fire spørsmål til nokon som har flytta til Luster i det siste, og her er svara vi har fått på e-post.

Reidun frå Tretten og Are frå Støren

- *Fortel litt om dykk/deg sjølv?*

Reidun Wasrud er 26 år og kjem frå Tretten i Gudbrandsdalen og Are Endal Rognes er 27 år og kjem frå Støren i Sør-Trøndelag. Reidun jobbar som helsesøster i Leikanger kommune og Are som fjelloppsyn og naturforvaltar i Luster kommune.

- *Kvífor flytte du/de til Luster?*

Grunnen til at me flytta til Luster var at me fekk jobb her etter fullført utdanning. Ingen av oss hadde noko særleg kjennskap til Sogn frå før, men ingen av oss er bymenneske så då passa det bra å flytte hit.

- *Kva er det beste med å bu i Luster kommune?*

Nærleiken til naturen. Me trivst begge godt med jakt, fiske og friluftsliv, og det er det gode moglegheiter til å drive med her.

- *Kva kan Luster kommune bli betre på?*



Næringslivet i Luster lyt henge seg på i utviklinga som går føre seg mellom anna i Sogndal i høve "nye" formar for friluftsliv. Toppturar på ski er veldig populært og her kan mykje gjerast for å marknadsføre forholda i Luster som må vere nokon av landets beste. Nokre aktørar i kommunen har vore flinke, men her er det fortsatt eit forbetringspotensiale.

John og Anna Maria Brekke

- *Fortel litt om dykk/deg sjølv?*

John og Anna Maria Brekke har flyttet til Marifjøra. Anna Maria er midt i en doktorgrad og har bakgrunn fra reiselivsnæringen. Siden hun flyttet til Luster for 6-7 måneder siden, har hun jobbet både ved Tørvis og hos Spar i Pyramiden. Hun trives med både jobber, folk og den spektakulære naturen. John har også jobbet med reiseliv i flere år og jobber for tiden ved Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe sentr for klimavitnen i Fjærland. – Vi er begge veldig glade for å kunne leve midt i Norges vakreste natur.

- *Kvífor flytte du/de til Luster?*


John ble lokket til Luster av sin gode venn Bård Huseby som jobbet i hotellbransjen. - Men etter en sommer her var det veldig lett å tenke seg å skulle bo her. Anna Maria kommer fra Polen, og jobbet med å lage turer i Norge for Polakker. - Jeg visste en hel del om Luster før jeg flyttet hit, og å leve her har vært litt som en drøm i oppfyllelse. Men sant å si så flyttet jeg hit på grunn av kjærligheten.

- *Kva er det beste med å bu i Luster kommune?*

Turmuligheter. Fravær av storbystress. Ingen køer. Relativt lett å finne seg en jobb dersom man er fleksibel. Mange positive, progressive mennesker.

- *Kva kan Luster kommune bli betre på?*

Så langt har vi ikke kommet... For øyeblikket er vi veldig fornøyde.



Kristin Vee og Morten Jahren

Kristin Vee: Assisterande rektor, Luster ungdomsskule.

Morten Jahren: Rådgjevar oppvekst, sakshandsamar PPT og spesialpedagog Luster ungdomsskule.

- *Fortel litt om dykk sjølve?*

Kristin har vaks opp i Årdal og Morten i Sunndal, så begge har me erfaring med sommarjobb på Verket. Kristin er utdanna lærar, har hovudfag i pedagogikk og elles utdanning i spesialpedagogikk, coaching og leiing. Morten har hovudfag i psykologi med støttefag pedagogikk og administrasjon/organisasjon.

Me har felles erfaring frå arbeid i pedagogisk-psykologisk teneste (PPT). Begge arbeidde som leiarar av PPT og gjennom engasjement for å arbeide systemretta overfor barn og unge, fann me saman.

Me er ein stor familie, med mine, mine og vårt barn. Morten har ein son, Kristoffer (24), Kristin har tre born frå eit tidlegare forhold, Thomas (20), Vilde (19), Elias (14). Saman har me Aurora (5). Me har også hund (Simba) og katt (Gråpus). Aurora har starta i Gaupne barnehage og stortrivest med nye venner. Ho snakkar allereie nesten sognadialekt.

Kristin har eit 20 % engasjement som rettleiar i Utdanningsdirektoratet sitt Veilederkorps. Då vert det noko reising, er ofte innom Molde på vegen for å møte borna og gamle venner.

Morten trenar damelaget til Bjørn i handball og er leiar for fagforeininga Samfunnsviterne i Sogn og Fjordane. Aurora har starta på barneidrett og me brukar Lustrababet flittig. Kristin likar å gå på tur med hunden og lese bøker, samt sjå seriar på tv, som for eksempel «Broen». Elles ynskjer me å få tid til å bruke hytta vår på Sletterust meir, no når me bur så nær Årdal.

- *Kvifor flytte de til Luster?*

Tilfeldigheter, men me hadde i fleire år tenkt at me ville flytta nærmare Sogn og familien i Årdal. Når stillingane som assisterande rektor ved Luster ungdomsskule for Kristin og kombistillinga som rådgjevar oppvekst, sakshandsamar PPT og



spesialpedag for Morten blei aktuelle, var det eit velkome høve til å koma sørvest. Kristin hadde aldri vore i Gaupne før påska i år. Det var eit flott førstemøte, Gaupne er ei fin bygd. Morten var i Luster første gongen i 1996 og heldt då foredrag om mobbing, den gongen han arbeidde ved Søreide kompetansesenter.

- *Kva er det beste med å bu i Luster kommune?*

Oversiktleg. Kjekke folk. Nærheit til det meste, godt å kunne sykle til alt. Kjekk ungdom. Luster kommune og Sogn regionråd har eit godt system for kompetansebygging/nettverk. Lustrababet. Ein kommune som ynskjer å satse og utvikle seg til det beste for innbyggjarane. Engjadalselvi (badekulpen), Nes gard, Tørvis, Solvorn, aktivitetsparken, Bestaos, ny og moderne barnehage. Me har funne oss godt til rette i Gaupne og trivst med å ha flott utsikt over «heile» Gaupne. Me arbeider begge ved Luster ungdomsskule og stortrivst med kollegaer og elevane. Det er viktig for oss at kommunen driv god og tydeleg skuleutvikling.

- *Kva kan Luster kommune bli betre på?*

Ynskje om gatelys opp til Engjadalen. Betre tilbod på ettermiddag/kveldstid (helg) når det gjeld stadar å gå ut og ete og skape meir miljø rundt dette. Tilbod til ungdom som ikkje er opptekne av idrett og musikk om ein stad å vere. Måle Røneid-tunellen kvit (og det er jo på veg). Meir tilpassa opplæring og mindre spesialundervisning.



Helen og Semereb

- Fortel litt om dykk sjølve?

Eg heiter Semereb. Hailu, er 36 år, og fødd og oppvaksen i Etiopia. Eg har ei grad i IT og har tidlegare jobba med rekneskap. Familien min består av meg, kona mi Helen (29), som har ei grad innan administrasjon, og våre to born Nathan (8) og Yohana (4).

- Kvifor flytte de til Luster?

Eg venta lenge på mottaket i Sogndal før eg fekk tilbod om busetjing her i Luster. Dette var ei veldig god moglegheit, for eg venta òg på familien min.

- Kva er det beste med å bu i Luster kommune

Å bu i Luster kommune er som å tilhøyre ein stor



familie. Folk rundt deg bryr seg og hjelper deg så godt dei kan. Personalet på skulen, i barnehagen og alle folka som bur her får oss til å føle oss velkomne. Me føler oss heime her, det er som om me har budd her lenge. Det hjelpte oss at me fekk sjansen til å jobbe i løpet av kort tid. Kommunen er spesielt flinke til å leggje til rette for borna. Det tok berre 40 dagar å få familien min hit. Nathan var seks år og fikk starte på skulen i løpet av fire dagar.

- Kva kan Luster bli betre på?

Jobbe med å ha fleire felles arrangement som den internasjonale dagen, som gir ein sjanse til kontakt mellom nyinnflytta og den lokale befolkninga.

Postlista og møtedokument kan bli borte frå heimesida

Kommunen oppgraderer sak- og arkivsystemet sitt etter nyttår. Det kan difor verte ei stund der du ikkje finn postlista og møtedokument på heimesida til kommunen. I skrivande stund veit me ikkje kor lenge.

Luster kommune

Skuul og utdanning Bustad og eigedom Helse Natur og miljø Alle tenester Omsorg, sosial Bilete

Forside / Sjølvbetening / Postliste

Postliste for 18.11.2015

Anmodning om innsyn

Merk av de journalpostene du ønsker innsyn i. Fyll deretter ut skjemaet nederst på siden.

Dato:	18.11.2015	Registrert:	18.11.2015
Saknr:	15805-5	Doktype:	Utgående
Sakbehandling:	Erling Bjørnefut		
Mottaker:	Sogn og Fjordane Fylkeskommune		
Dokbeskr:	Rapport - Lokale transporttilloadd for ungdom (LTU) 2015		
Innsyn:	<input checked="" type="checkbox"/> Ber om innsyn i dette dokumentet		
Dato:	17.11.2015	Registrert:	18.11.2015
Saknr:	151447-15	Doktype:	Utgående
Sakbehandling:	Erling Bjørnefut		
Mottaker:	Hafsløs soverag		
Dokbeskr:	Gjeld utbetaling av tilskot til kulturen 2015.		
Innsyn:	<input checked="" type="checkbox"/> Ber om innsyn i dette dokumentet		
Dato:	17.11.2015	Registrert:	18.11.2015
Saknr:	151447-17	Doktype:	Utgående
Sakbehandling:	Erling Bjørnefut		
Mottaker:	Hafsløs soverag		
Dokbeskr:	Gjeld utbetaling av tilskot til kulturen 2015.		
Innsyn:	<input checked="" type="checkbox"/> Ber om innsyn i dette dokumentet		

Kontaktinformasjon

Luster kommune
Rådhuset
6968 Gaupne
Tlf: 57 68 55 00
Fax: 57 68 55 01
E-post:
Oppnadsid:
08.00 - 15.30
Sommarid: 22.06 - 14.08.
[Les meir...](#)

Være innmøtar

Sjølvbetening

Tenesteområder

Innsynskontrollenhet
Oppmøte

Pyramiden 30 år

No i august vart Pyramiden 30 år. Det vart feira. Pyramiden var fyrste butikksenteret i Sogn og Fjordane, og opninga var ei storhending for lustrasamfunnet.

Sogningen skreiv slik om opningsdagen:

"Som forvitne oppdagingsreisande på terskelen til skattekammeret. Omrent slik flokka sogningane seg rundt Pyramiden. Det er tvilsamt om nokon av dei mellom 7 og 8000 menneska som tok turen dei tre opningsdagane vart skuffa. Dette er eit bygg som fell i smak hjå dei aller fleste."

Pyramiden har nok endra seg på desse tredve åra, men framleis er det eit butikksenter med noko attåt og ein plass der lusteringar møtest. På Pyramiden kan det meste ein treng i livet kjøpast.

Det er i dag om lag 150 personar som arbeider på eller har oppmøteplass på Pyramiden. Butikkane omset for om lag 111 millionar kroner. Pyramiden er såleis ein viktig del av næringslivet i Luster kommune.

Til lukke!



Avisutklipp frå opningsdagen.

Ole Johnny Uthus har vore smilande tilstades på Pyramiden sidan opninga, Spar-kjøpmann og styreleiar i eigedoms-selskapet Pyramiden AS.



Hovudhuset til Hafslotun hyttesenter.

Mestrings- og læringssenteret overtek Hafslotun hyttesenter

- Som kjent frå lokale media har ein relativt ukjent aktør i Luster kommune kjøpt Hafslotun hyttesenter: Mestrings- og læringssenteret (ML senteret) blei stifta i 2005 i Levanger, og har hovudkontoret sitt på Ekne, fortel dagleg leiar Bjarni H. Valsson til Lustranytt.

- ML senteret leverer helse-, sosial- og omsorgstenester til kommunane. Kommunane kjøper ML senteret sine tenester gjennom offentlege anbodskonkurransar og supplerer kommunane sine eigne tenestetilbod i tett samarbeid med kommunane. ML senteret har spisskompetanse på dei kompliserte utfordringane: Brukarar med omfattande og samansette tenestebehov, utfordrande åtferd, samansette psykiske lidningar, psykisk utviklingshemming og brukarar innanfor autismespekteret etc.

ML senteret har ein visjon om å tilby sine brukarar forutsetningar til å leve verdige liv.

Me skapar trygge råmer for brukarane, deira pårørande og oppdragsgjevarane våre.

Me har høge etiske krav, høg fagleg kompetanse, tek vårt ansvar alvorlig og har høg integritet som hovudfokus. Med dette som klar målsetjing, tilbyr me brukaren ein heilheitleg og forutsigbar kvardag med trygge råmer tilpassa den enkelte sine behov. Pårørande opplever tryggleik ved at deira nærmeste tek mot tenester tilpassa behova deira, og kommunen opplever tryggleik ved at innbyggjarar tek imot det tilbodet kommunen ønskjer.

ML senteret samarbeider tverrfagleg og tett med oppdragsgjevar, pårørande og spesialisthelsetenesta.

ML VEST

I august 2012 blei det etablert ei avdeling i Luster, ML VEST, med sju årsverk under leiing av Bjarni H. Valsson. Utviklinga av ML VEST har gått raskt. ML VEST leverer i dag døgnbaserte omsorgstenester til fleire kommunar i Indre Sogn. Me leverer også vikarar til helsevesen og spesialomsorga, både sommarvikarar og vikarar ved lengre sjukefråvær eller anna behov. ML VEST kan no og tilby korttidsopphald, avlastningsopphald i godt eigna lokale på Hafslotun, samt ei rekke aktivitetar for brukarar med ulike utfordringar.

ML senteret har opplevd eit godt og smidig samarbeid med samtlege av oppdragsgjevarane våre. Me har som regel gjenstådig forståing for oppdraga, utfordringane si art og vegen til ei god løysing for brukarar, pårørande og oppdragsgjevarar.

Dagleg leiar Bjarni H. Valsson.



ML VEST har blitt godt mottekte i kommunen. Kommunal leiing har vist forståing for verksemda vår, og me har opplevd å vere velkomne. Noko skepsis blei me møtt med hos naboaane våre, noko me meiner skuldast at me var noko nytt og noko ukjent. Den skepsisen er no vekke, og i dag har me eit godt naboskap med samtlege naboar. ML VEST har etablert eit godt samarbeid med fleire lokale aktørar i kommunen, butikkar, hotell, fleire handverkarar, helsevesen, lensmannskontor og NAV. Det er noko som verksemda treng for å kunne levere gode tenester, at alle støttetene fungerer godt.

ML senteret har den haldninga at dersom me kan handle lokalt, så gjer me det. Kvar sommar arrangerer me ein personaldag

der me inviterer alle våre medarbeidarar i ML VEST på ein opplevingsdag. Då reiser me i kommunen og opplever ting som nærmiljøet vårt byr på. Dette har vore suksess kvart år, både for våre kollegaer som bur i nærområdet, og vikarar som gjerne reiser hit langvegs ifrå for å arbeide om sommaren. Dette har me gjort i samarbeid med lokale aktørar som Lustrabaaene, Fjord Adventures, Bryggehuset i Solvorn, Luster jakt og fiske med meir.

Utviklinga på avdelinga i Luster er frå sju årsverk i 2012 til vel 20 årsverk i dag, der over halvparten av medarbeidarane våre bur i lokalområdet. Me er no i ein utviklingsfase der me rekrutterer nye medarbeidarar og opplever stor interesse hos arbeidstakrarar, og stor pågang

av søknader. Me venter å ha om lag 30 tilsette i Luster ved utgangen av 2015.

ML VEST har medarbeidarar med brei og variert bakgrunn. Ved å nytte oss av tverrfagleg kunnskap i det daglige arbeidet klarar me å tilretteleggje og tilpasse kvardagen for brukarane våre på ein heilt unik måte. Miljøterapeutane våre har utdanninger som sjukepleiarar, vernepleiarar, sosionomar, barnevernspedagogar og lærarar. Fleire med vidareutdanning innan ulike fagfelt. Miljøarbeidarane våre; som helsefagarbeidarar, aktivitørar og ufaglærte, er alle personar med ulike kvalitetar som bidreg til eit optimalisert omsorgstilbod.

Personleg eignaheit og erfaringsrik bakgrunn er noko av det viktigaste me ser etter når me søker nye medarbeidarar; at dei deler haldningane våre, tilnærming og respekt for brukarane. At dei kan vere kreative i utføring av arbeidet sitt, og at dei deler haldninga vår, tilnærming og respekt for arbeidsmiljøet sitt og kollegane sine.

ML senteret ønskete å utvide fasilitetane for verksemda i Luster og kjøpte difor Hafslotun. Det er eit anlegg som gir oss høve til å tilby endå betre kvalitet på omsorgstenestene våre. Hafslotun ligg flott og skjerma til, men med alle tilbod innan kort rekkevidde. Her er verkeleg indrefileten av vakker norsk natur og alle dei opplevingane den gir. Her kan me bokstaveleg flytte oss frå fjord til fjell i løpet av få minuttar. Kan det bli betre?, avsluttar Bjarne H. Valsson.

Aslak Dalehaug har flytta heim att!

«Inst inne i verdas lengste fjord

- Vi ønsker å være med å utvikle Luster som attraktivt reisemål. Sette Skjolden på kartet nasjonalt og internasjonalt. Det skal være verdt sin reise å komme til Skjolden Hotel Luster.

Slik startar Siri og Aslak Dalehaug når Lustranytt spør dei om å fortelje kvifor dei har kjøpt Skjolden Hotel, og har valt å flytte til Skjolden. Og dei held fram med å fortelje:

- Vi har i mange år gått med en drøm om å drive vårt eget hotell. Med bakgrunn fra Norsk Hotellhøgskole tilbake på tidlig nittitallet, hvor vi for øvrig også møttes for første gang, føler vi nå at ringen er sluttet. Nå blir endelig drømmen virkelighet for oss begge, og ikke minst også for våre to barn, Sofia 12 år og Melchior 15 år.

Overgangen blir stor for våre barn som har bodd i Stavanger hele livet, men til gjengjeld har de feriert flere uker hver sommer i Luster. Mange fjellturer har det også blitt, spesielt for Melchior som sammen med Besten (Kristian Dalehaug) har fullført 2 topptur trim (20 topper i Luster kommune over 6 år). Med andre ord er hverken fjellene, fjorden eller Luster i seg selv ukjent farvann. Aslak flytter endelig hjem igjen til Luster etter 33 år i Stavanger. Barndomsminnene



Siri og Aslak Dalehaug ved Børresteinen.

er mange og gode. Vi er heldige som får denne muligheten som familie.

For å komme i mål med alle våre planer om åpning av hotellet til våren 2016, kreves det nå mye egeninnsats samt innsats fra svært dyktige fagfolk fra bedrifter i Luster kommune. Vi er veldig opptatt av å benytte lokal arbeidskraft for de prosjekt vi har for hotellets renovering. Utgangspunktet er meget bra. Aslak er allerede på plass i Skjolden. Resten av familien flytter opp til skolestart i 2016. Allerede har vi blitt særdeles vel tatt imot og stiftet mange gode bekjentskap.

For å sette Skjolden Hotel Luster på kartet vil maten som

serveres få stort fokus. Vi ønsker å benytte oss av råvarer produsert i Skjolden og Luster primært. Her er en helt unik matkasse rett utenfor hotelleldøren – dette blir en viktig ingrediens i vårt hotell-konsept.

Hotellet med sine 55 rom, tilgang til flott basseng og klatrevegg i Fjordstova, fjorden og fjellene som flotteste utsikt og nærmeste nabo, innerst inne i verdens lengste fjord åpner som nevnt til våren 2016. Vi ønsker velkommen til overnatting og bespisning til alle og enhver. Turister, lokalbefolkning og bedrifter – vi skreddersyr for ulike anledninger. Som eventyrlystne ferierende, bort fra en travel hverdag for å nyte freden og utsikten, møter, kurs, weekendopphold i eget land i fantastisk natur, åremålsdager, konfirmasjoner, bryllup og begravelser. Dørene våre er åpne fram til jul. Vi glieder oss over å få æren av å eie og drive Skjolden Hotel Luster og sette destinasjonen på kartet sammen med dyktige krefter i lokalmiljøet.



Skjolden hotell – by night.



Marte, Kaja, Live og Trygve med Lars på fanget.

Ny dagleg leiari på Breheimssenteret

Trygve Snøtun er tilsett som ny dagleg leiari ved Breheimssenter, og slik fortel han om seg sjølv og sine tankar for senteret:

1. august 2015 byrja eg i den nye jobben som dagleg leiari på Breheimssenteret i Jostedalen. Det er med skrekkblanda fryd eg tek til på oppgåva med å vidareføre og utvikle Breheimssenteret.

Eg er ein jostedøl som endeleg er heime. Sjølv om eg har god kjennskap om tilboda som finst og området, er det mykje nytt å setje seg inn i. No er det ei annleis rolle enn då eg var breførar om sommaren i min ungdom. Men eg gler meg til å ta fatt på oppgåvene!

Reiselivet i Jostedalen og kommunen har utvikla seg mykje dei siste 20 åra, det er blitt meir profesjonalsert, sysselset fleire og omset for meir. Breheimssenteret har hatt ei sentral rolle i dette og fungert som eit nav mellom aktivitetsbedrifter og overnattingsbedrifter. Jostedalen

har eitt stort fortrinn i høve til andre innan turistnæringa, og det er ein tilgjengeleg og spanande isbre i Nigardsbreen. Breen tiltrekker seg mange og det finst fleire gode aktivitetstilbod med breen som utgangspunkt.

Breheimssenteret ønskjer å utvikle og leggje til rette for meir kunnskapsformidling med breen som utgangspunkt, både inne og ute. Bygget har også eit potensiale som kan nyttast til fleire aktivitetar og gjerne utvide sesongen om det let seg gjere. Breheimssenteret har gode fasilitetar som kinosal/auditorium, mesanin som kan brukast av grupper og eit fullverdig kjøken som kan lage mat til alle anledningar. Jostedalen kan gje både langvegsfarande og lokale store heilheitlege opplevelingar gjennom kombinasjon av aktivitetar, kunnskapsformidling, mat og overnatting! Dette håpar eg me skal klare å utvikle vidare i åra som kjem.

Det var ikkje sjølv sagt at eg og familien min skulle flytte hit. Me er ein familie på fem; eg og Marte Meland, og borna Kaja (5), Live (3) og Lars (1). Me var godt etablert i Bodø, nært Marte sin heimstad. Hadde gode jobbar, fått tre born og trivst godt der. Etter fleire rundar fann me ut at det var rett tidspunkt og at jobben på Breheimssenteret var for spanande til ikkje å prøve.

Både Marte og eg trivst på bygda og er glad i å bruke naturen, enten det er topptur, klatring eller bålbranning med ungane. Marte har ein mastergrad i marinbiologi og vidareutdannar seg no til å bli lærar. Eg har ein master i naturgeografi, perfekt i Jostedalen. No har me kjøpt eit lite småbruk og ungane koser seg i ny barnehage. Vi har og mykje familie rundt oss og første sesong på Breheimssenteret var veldig positiv. No gler vi oss til ein god og stabil snøvinter.



Leiar i Gaupne Helselag, Asbjørn Leirdal Kjærvik, har nett motteke sjekken på USD 5000, i norske kroner over 40.000.

Lågterskeltilbod tok prisen

Nasjonalforeningen Gaupne helselag starta opp eit «lågterskeltilbod», ope for alle og med eitt føremål: Å gjera noko enkelt for folkehelsa til kvar og ein av oss. Mange har fatta interesse for tilboda der det eine av desse er «Gågjengen» sin trimtur i Engjadalsvegen med klippekort og tur-loggbok. Det som kanskje ikkje mange i helselaget hadde forventa var at akkurat dette tilboden har slått godt an ikkje berre i «vesle» Gaupne, men faktisk internasjonalt. Såpass godt slo denne aktiviteten an at Gaupne helselag vart nominert til Avery Dennison /NTP sin «granting wishes», og dermed er laget brått USD 5000 rikare, eller i norske kroner over 40.000.

Den formelle overrekkinga av prisen vart naturlegvis føreteken etter ein passande rask rusletur med Gågjengen opp til Judassvingen og ned på kantina til NTP på Gaupnegrandane. Der tok dagleg leiar Tom Dyrdal og fabrikksjef Adis Cengic i mot både trimmarar og prismottakarar med saft og frukt + sjekken.

Faksimile av Sogn Avis.

Sogn Avis
onsdag 21. oktober 2015 • Nr. 204

Gå-gjeng med ekte dollarglis

■■ Fekk over 40.000 kroner frå Amerika

Anne Lerøy, Kirsten Serheim og Hildegunn Øygard Hansen har all grunn til å smila breitt. Dei har fått over 40.000 kroner frå amerikanske Avery Dennison til det aktive gålaget i Gaupne. - Pengane skal koma folk i bygda til gode, seier dei tre som har rundt 360 personar med seg på turane i nærmiljøet.

Foto: Knut Brænne



Jostedal skule- og ungdomskorps med gjestedirigent Marianne Valeberg Nes fra Kaupanger.

40 år med korpsmusikk i Jostedal

Det er ikkje til å tru at bygda framunder breen har halde liv eit korps i heile 40 år. Det har dei altså klart, med all mogleg hjelpe av Hafslodama Marie Fredheim, som har vore dirigent over halve livet sitt. Bygda feira nemleg to jubileum midt i november; at korpset er 40 år og at Marie vart 60 år i haust.


Samfunnshuset vart fullt då korpset heldt jubileumskonsert etter ei flott øvings- og inspirasjonshelg med gjestedirigent Marianne Valeberg Nes. Leiar i korpset, Trine Hess Elgersma, fortalte om den flotte jubileumsturen til Stavanger, med tur opp til Prekestolen, der korpset heldt flott konsert og ein turist laga ein spektakulær film frå drone. Filmen vart synt fram på jubileumsfesten.

Bente Haugen Yttri, bakte ei flott jubileumskake og dirigent Marie spelte kaka før alle gjestene fekk forsyne seg. Bygda set pris på korpset og korpset set pris på bygda.

Hjarteleg til lukke med 40 år!



Marie Fredheim, dirigent i over 30 år.



Jubileumskake med notar til Congratulations

Fasit på SOGELAGA sin gjetteleik på Lustramarknaden

1. Pipejarn. Brukt til å setja opp stiva prestekragar/pipekragar og konehuer. **2. Skotong.** Til å dra lær på plass. **3. Lauvstikke.** Brukt til å laga merke med strek i pinnen kor mange lauvkjervar og ”tju”, når dei lauva. Hengde i ein krok eller knapp under arbeidet. **4. Gimpepinne.** Ein la tråden i løkkjer om dei lange pinnane og hekla saman i midten. Slike rekkjer kunne så heklast saman til t.d. lette sjal. **5. Nitklinge.** Hovslagar-reiskap. **6. Pren.** Liten modell, men brukta til å pressa/stikka hol i tøy. Deretter sy som primhol i t.d. lin. Festa knapp med skinnreim gjennom holet i ulltøy. **7. Sykkel-veske.** Eldre modell. **8. Stein-utstikkar.** Ta ut stein i kirsebær og moreller før sylting. **9. Skokrok.** Til å dra ut lesten når skoen var ferdig. **10. Viketong.** Til å justera tennene på sagbladet så skurden vart høveleg. **11. Knapphol-jarn.** Til å skjera knapphol i tjukt tøy, t.d. vadmål. Trinsa har fire ulike lengder. **12. Brynekodl.** Til å henga i beltet med bryne og litt vatn i, for å kvessa ljåen når ein slo graset.



Vinnarane

Ingen fekk 12 rette, men heile fem har fått rette svar og får heiderleg omtale som vinnarar: Tordis Skjerdal Rauboti, Jorunn Nondal, Svein Solheim, Marit Elvekrok og Harald Haugen.

Luster sogelag

Glimt frå nokre av
Luster sogelag sine
historiske vandringar i sommar.



Olsok-
bålet på
Åsavårstolen
før matøkt.



Frå husmannsplassen Tubbeskårane under Talle.



Offerstein/solhjul på Åsavårstolen i Dalsdalen.

Johannes Lomheim fortel om jarnaldergarden Modvo på Hafslo. Etterpå var me gjester hjå Hafslo sogelag på Fluga.


Tønnefabrikken gjenopna under Strandsitjardagane

Med mykje dugnadsinnsats, og tilskot frå Luster kommune og Norsk Kulturminnefond, er den gamle tønnefabrikken i Solvorn sett i stand att. – Bygget var røte og øydelagd av hærverk. Det var ikkje eitt heilt vindauge att. Om ikkje Kulturminnefondet hadde bidrege, er eg redd det hadde enda på jonsokbålet, seier eigar av fabrikken på «Tønnsberg», Arne Kvalen.

Direktören i Norsk Kulturminnefond, Simen Bjørgen, kom gladleg til Solvorn for å vere med på gjenopninga: – Fabrikken er restaurert på ein god måte, der mykje av det gamle og originale materialet er nytta opp att. I kulturminnefondet nyttar me ofte Luster som døme for å motivera privatpersonar til å ta vare på kulturminne, seier Bjørgen.

Kulturminne

I 2003 starta planen med å restaurera den gamle tønnefabrikken. - Det er viktig å ta vare på slike bygg for ettertida, for dette er eit kulturminne, seier Arne Kvalen, barnebarnet til mannen



Den gamle tønnefabrikken på «Tønnsberg». Foto: Joar Offerdal Vatlestad, Sogn Avis.

som bygde fabrikken tidleg på 1900-talet. Bestefaren var fødd på husmannsplassen Kvalen, og etter å ha budd vekke ei stund, flytta han heim og fann seg ei strandsitjarjenta, fortel Kvalen. Han var ein føretaksam kar. Fabrikken sette han her for å produsera tønner som ei attåtnærings, i tillegg til landhandelen og eit lite bruk. Produksjonen heldt fram til kring 1940.

Kvalen har nytta Solvorn Laft & Bygg til å hjelpe seg med restaureringa.

Den kulturelle skulesekken

Tønnefabrikken er no lagt inn i den kulturelle skulesekken. - Det er ikkje berre eit døme på hus eller bygg, men med informantar som Arne Kvalen, kan ein sjå korleis livet var på den tida, seier kultursjef Erling Bjørnetun.



Direktören i Norsk Kulturminnefond, Simen Bjørgen, saman med eigaren av tønnefabrikken, Arne Kvalen.



Gjenopning av tønnefabrikken. F.v. Erling Bjørnetun, Beat Fredric, Marit Kvalen, Synnøve Kleiven Bjørgen, Simen Bjørgen, Arne Kvalen, Anne Helen Strandabø, Ellen Havellen, Steinulf Skjerdal og Ivar Kvalen.



LISTRABADET



Julebad i Lustrabadet

Jula nærmar seg med stormskritt og me kan freista med sydentemperatur heile jula! Nytt av året i Lustrabadet er at me har ope 1. nyttårsdag med noko seinare opningstid framfor vetele julaftan, då nettopp vetele julaftan har vist seg å vere ein dag der mange er opptekne med juleførebuingar.

Velkommen til julebadning!

OBS! Me held stengd 5. januar pga. vedlikehald og trening for tilsette i basseng.

Opningstider jula 2015

Måndag 21. des.	15.00-20.30
Tysdag 22. des.	15.00-20.30
Vetele julaftan	stengt
Julaftan	stengt
1. juledag	stengt
2. juledag	10.00-17.00
Søndag 27. des.	10.00-17.00
Måndag 28. des.	10.00-17.00
Tysdag 29. des.	10.00-17.00
Onsdag 30. des.	10.00-17.00
Nyttårsaftan	10.00-16.00
1. nyttårsdag	12.00-19.00
Laurdag 2. jan.	10.00-17.00
Søndag 3. jan.	10.00-17.00
Måndag 4. jan.	15.00-20.30



God stemning med levande lys, latter, frukt og drikke.

Besøkstal i Lustrabadet

Lustrabadet har no vore ope i meir enn 3 år. Ved utgangen av 2015 kan me rekne med at nærmere 190 000 har vore på besøk i Lustrabadet! I 2015 har nærmere 50 000 vore innom og bada, og i tillegg kan med ta med rundt 9000 skuleelevar.

Nyhende arrangement og aktivitetar

Damenes Aften

Lustrabadet arrangerer ulike arrangement og aktivitetar i løpet av året. Ein av ideane me lenge har hatt lyst å realisere var Damenes Aften. Arrangementet kravde ein del planlegging i forkant og me fekk med oss vår



hovudsponsor Luster Sparebank samt Gaupnetunet for å realisere kvelden.

24. september gjekk Lustrabadt sin fyrste Damenes Aften av stabelen, og 33 flotte damer hadde meldt seg på i forkant. Kvelden starta i kafeen med tapas, vin og ca. 30 min foredrag om kvinner sin økonomi med vekt på pensjonsparing. Vidare stod fire ulike spa, massasje og hudterapeutar for 30 minuttars behandlingar til spesialpris. Desse behandlingane var kortare enn vanleg for at så mange som mogleg skulle få tilboden. Me skal jobbe for å få fleire behandlerar neste gong, men det er nok plassen me har tilgjengeleg som er avgjerande.

Inne i bassengområdet var det pynta med dunkel belysning, levande lys og flytande badestolar. Fruktfat vart sett på bassengkantane og badevertane tok opp bestilling på drikke og serverte i bassenga.

Ny runde med Damenes Aften og nyhendet «Kara-kveld»

Me har no planar om å gjenomføre ein «Kara-kveld» i februar. Og neste Damenes



Iselin er i gang med manikyr.

Aften blir i mars! Det var utrølig moro å få så mange gode tilbakemeldingar frå kvelden i september, så dette er eit konsept me kjem til å fortsette med! Sjølv sagt har me lyst å bytta på kven me samarbeider med, og me håpar det kan bli forskjellige aktørar kvar gong. Gje oss gjerne tips over kva de vil kveldane skal innehalde!

Mosjonskampanje Svøm Langt 2016

1. januar startar me for 4. gong «Svøm langt»-kampanjen. Deltakarar kan vinne tur til Kreta og Lustrabadt vil også ha lokale premiar. Dette er Norges Svøm-



meforbund sin årlege mosjonskampanje, der føremålet er å skape gode mosjonsvanar for det norske folk ved å motivera dei til å bruke symjehallen som arena for fysisk aktivitet.

Hovudmålet er å få flest mogleg vaksne til å symje 10.000 meter (funksjonshemma 5000 meter) i kampanjeperioden, og flest mogleg barn (under 14 år) til å symje 2500 meter (funksjonshemma 1500). Det blir meir informasjon å finne i Lustrabadt, på lustrabadt.no og ein kan registrere seg på [Svomlangt.no](http://svomlangt.no).



Julegåvetips!

Gåvekort frå Lustrabadt!

Me sel gåvekort på valfritt beløp som kan nyttast til billettar samt i kafé og badebutikk.



Returadresse:
Luster kommune,
N-6868 Gaupne,
Noreg/Norway



Nytt legevaktnummer fra 1. september

Fra 1. september har legevaka same nummer i heile landet: Med det sekssifra nummeret 116117 (hundreogseksten-hundreogs- ytten) kjem du til legevaka der du oppheld deg, uansett kor i Noreg du ringer fra. Nummeret fungerer både fra fasttelefon og mobil, og er gratis.



Legevakt nummer 116117

Oppgåvefordeling mellom fastlege og legevakt blir ikkje endra. Legevaka skal berre nyttast til å dekke augeblikkeleg hjelp som ikkje kan handterast av eigen fastlege.

Ring først!

Legevaka er open for telefonhenvendingar heile døgnet. Det er i dei fleste tilfelle best at du ringer på førehand for å få ein vurdering av situasjonen og tilbod om relevant hjelp.

Når du treng legehjelp: Kven skal du ringja?

- Fastlegen din i opningstida 57 68 56 00.
 - Legevakt 116117 når fastlegen ikkje er tilgjengeleg og hjelpa ikkje kan vente.
 - 113 når det er akutt og står om liv.
- Fastlegen kan også gje hjelp raskt.

Opningstider i jula:

Luster legekontor held stengt på julaftan og nyårsaftan.
28/12, 29/12 og 30/12 er kontoret ope kl. 09.00-14.00.
Legevakt 116117.

Teknisk drift har vanleg arbeidstid i jula (07.30-15.00). Julaftan og nyttårsaftan kl. 07.30-12.00.
Kommunalteknisk vakt 481 02 120 kan nyttast til meldingar/ beskjedar om viktige hendingar på veg- vatn- og avløpsnettet.

Simas - miljøstasjonen

NB! tysdag 22.12.14 kl. 12.00-18.00. Stengt i romjula.

Rådhuset held stengt julaftan og nyårsaftan.
28/12, 29/12 og 30/12 ope kl. 09.00-14.00.

NAV

21.12.15: kontor 10.00-14.00, telefon 08.00-15.30
22.12.15: kontor 10.00-14.00, telefon 08.00-15.30
23.12.15: kontor stengt, telefon 10.00-14.00
24.12.15: stengt
25.12.15: stengt
28.12.15: 10.00-14.00 kontor og telefon.
29.12.15: 10.00-14.00 kontor og telefon.
30.12.15: 10.00-14.00 kontor og telefon.
31.12.15: stengt

Biblioteket - Julaftan og nyårsaftan: stengt.
29/12 og 30/12 ope kl. 11.00-14.00

**Følg Luster kommune
på facebook**

LUSTRAnytt

Nr. 2 - 2015

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus og Sentralsjukehuset Førde. Redaksjonen avslutta 18. november 2015.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun
Redaksjonen er lagt til Servicetorget
v/leiar Anita Bjørk Ruud.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.
Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:
Luster kommune, Lustranytt, Rådhuset, 6868 Gaupne.
Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01
E-post: postmottak@luster.kommune.no
Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.
Tlf. 57 65 60 05

Framsidefoto: «Gamle» Breheimsenteret. Foto: Frank Optun Smedegård.

Viktige telefonnummer

Helsecenteret/Lege i kontortida Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsecenteret med unntak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT	Tlf. 116117
TANNLEGEN i Nesgården	Tlf. 57 65 63 90
KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP	Mob. 48 10 21 20
(Veg/vatn/kloakk).	
NAV Luster	Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:	
Melding om brann	Tlf. 110
Vakthavande brannbefal	Mob.: 41 65 94 40
Politi/Lensmann	Tlf. 112